



Helge Hognestad

...”me må lytte til den visare delen inni oss”.
Olav Sletto sett i lys av den nye tids åndelighet.

Eva-Charlotte Mørk

...”Loke-serien - en sjeldenhet i verdenslitteraturen”
-Olav Slettos LOKE-bøker lest som fantasy-litteratur.

Eva Almhjell

Unge Olav Sletto/Oliver - tidtrøyte for moderne overklassekvinner?
Oliver-bøkene - mi leseoppleveling.

Ragnar Ytrehus

Soga om Olav Sletto og Alf Larsen

Forside:

Mimi Falsen: Portrett av Olav Sletto 1909. Kjelde: Hol bygdearkiv.

ÅRSHEFTE 2017

Innhald

Forord	s. 3
Stor fagperson og varmt medmenneskje. Minneord om Kåre Olav Solhjell. Arne Skogheim og Eva Almhjell.	s. 4
...”me må lytte til den visare delen inni oss”. Olav Sletto sett i lys av den tids nye åndelighet. Helge Hognestad.	s. 5
...”Loke-serien - en sjeldenhet i verdenslitteraturen” Olav Slettos LOKE-bøker lest som fantasy litteratur. Eva-Charlotte Mørk	s. 17
Unge Olav Sletto/Olver - tidtrøyte for moderne overklassekvinner? Olver-bøkene – mi leseoppleveling. Eva Almhjell.	s. 28
Soga om Olav Sletto og Alf Larsen. Ragnar Ytrehus.	s. 57
Dette er Olav Sletto-selskapet.	s. 64
Årsplan 2017 – Olav Sletto-selskapet.	s. 64
Digitalisering av Slettoarkivet. Døme på skanna dokument.	s. 65

Forord

Dette årsheftet er i hovudsak basert på foredrag som vart helde under OLAV SLETTO-DAGEN 2016 på Geilo. Dagen var ei nyskaping i høve 130-årsdagen for Olav Slettos fødsel, som minneplata om han også var det. Den vart sommaren 2016 sett opp der han vart født – i Sletto aust i Holsbygda.

Helge Hognestad, dr. theol. og forfattar, kontroversiell og uredde prest – no pensjonist. Han såg Olav Slettos dikting i lys av den nye tids åndelegheit. Mens hovudstads-kritikarane – og andre – heldt han for å vera vanskeleg tilgjengeleg, ja, nesten uråd å skjønne, hevdar Hognestad at Sletto var ein forfattar langt føre si tid. - Eg meiner hans tid no er komen, sa Hognestad. Ikkje rart samtidas kritikarar sleit!

Det er sjeldan unge folk bryr seg om det nokon kallar "heimstaddiktarar" frå tidleg i førre hundreåret i våre dagar, men i Eva-Charlotte Mørk fann Olav Slettos LOKE-bøker ein sers interessert student. Ikkje var det heimstaddikting, heller! Ho las bøkene som fantasy-litteratur, og skreiv ei masteroppgave ved NTNU i Trondheim om dette kompliserte verket våren 2016. Artikkelen er basert på foredraget ho held på Geilo om masteroppgava si. "LOKE-serien er en sjeldenhet i verdenslitteraturen", slo Eva-Charlotte Mørk fast, og beklaga at det er altfor lite kjent. Det ynskjer ho å gjera noko med!


Eva Almhjell har lese Slettos sjølvbiografiske kunstverk i fem-seks bind, Olver-bøkene, i håp om å bli betre kjent med mannen Olav Sletto. Ho spør: Korleis møter Olav Sletto, alias Olver, kvinnene i sitt unge liv? Og korleis vart denne vakre yndlingen med sin mjuke maskuline kapital opplevd av kvinnene? Var han berre "tidtrøyte for penge-mektige og rådrike kvinner"? Var han blind for føremunene dei ga den pengelense, eller var han også ein litt inful "fjellbonde" - med godt utvikla næringsvet? Det vart ei morosam leseoppleving, men om ho vart klokare på, enn si kom nærare mannen bak Olaver-bøkene, det er meir uvisst.

Olav Sletto og Alf Larsen var "stikk motsatte", ikkje minst i språkstriden. Larsen skreiv konservativt riksmål, Sletto nærast arkaisk landsmål med dialektinnslag frå 1860-talet! Den eine var født på ei liten øy i sjøen utanfor Tjøme, den andre på eit lite småbruk oppunder himmelkvelven i Hol. Men dei var samde i sitt syn på litteraturens og kunstens plass i samfunnet og tok skarpt avstand frå det moderne. Larsen var ein framifrå litteraturkritikar, noko som kom Sletto til gode. Ragnar Ytrehus har skrivne "soga" om desse to. Han er formann i Alf Larsens litterære stiftelse.

Artiklane i dette heftet er den einskilde forfattar sitt ansvar. Styret i Olav Sletto-selskapet takkar for alle bidraga til årsheftet 2017, og for all støtta vi opplever i det daglege arbeidet, ikkje minst med den omfattende digitaliseringa av Olav Sletto-arkivet som vi no er i gang med. [Sjå døme s. 65].

Eva Almhjell
Olav Sletto-selskapet
Tønsberg, mars 2017

Stor fagperson og varmt medmenneske – minneord om Kåre Olav Solhjell.



Kåre Olav Solhjell var med i styret i Olav Sletto-selskapet heilt frå det vart skipa i 2001, og var den som mellom anna bygde opp det rikholdige og velordna arkivet i selskapet: Ein kort biografi om forfattaren, oversikt over alle bøkene han skreiv, katalog over arkivet som inneheld manus, talar, korrespondanse og mykje anna, var det Kåre Olav som sto for. No når styret arbeider med digitalisering av Sletto-arkivet, skjønner vi til fulle det solide grunnlaget han la for dette arbeidet. Kåre Olav var også redaktør for den fyrste årboka til selskapet, som kom i 2002. Han hadde ein uvanleg stor arbeidskapasitet, noko som også kom Olav Sletto-selskapet til gode. Noverande leiar, Eva Almhjell, hadde stor glede og nytte av den støtta Kåre Olav ga, då ho redigerte boka "Per Stavlang", den tredje i Olav Slettos serie på fire om vesle Per. Den kom ut under namnet Per Gjetar. Vi var heldige som fekk nytte oss av denne kapasiteten i så mange år.

Kåre Olav har vore ein stor ressurs for Olav Sletto-selskapet og dei styra han var med i, som fagperson og medmenneske. Vi takkar han for godt samarbeid og lyser fred over hans minne.

Arne Skogheim og Eva Almhjell

Minneordet vart fyrst publisert i Hallingdølen 17. desember 2016 og 1. januar 2017 på www.olavslettoselskapet.no

”...me må lytte til den visare delen inni oss”.
Olav Sletto sett i lys av den tids nye åndelighet.



Foto: Frå Wikipedia

Helge Hognestad, prest, dr.theol. og forfatter, har skrive mange bøker om temaet den nye tids åndelighet. Ukjent med Olav Slettos litteratur før han kom til OLAV SLETTODAGEN 2016, las han seg opp på forfatteren og fann mange av sine egne tankar att hjå Sletto, t.d. utsegn som ”Menneskeheita er i avlen enno” og ”me må lytte til den visare delen inni oss”. Han avslutta foredraget sitt med å slå fast at Olav Sletto, med si innsikt i det åndelege og sine egne åndelege røynsler, var framma si tid, og at hans tid no er komen. Artikkelen er ein bearbeidd versjon av Hognestads foredrag til OLAV SLETTODAGEN 2016.

I den selvbiografiske boken *Då tedde ei eldborg* (1961) skriver Olav Sletto om sin forfattervirksomhet. Han ser tilbake og kaller hovedpersonen for «Olver». Og Olver blir veiledet av en Dr. Moses. Jeg forstår Dr. Moses som hans eget høyere eller visere Selv, som vet alt om det Olver har gjort og skrevet. Dr. Moses sier om «Tenaren», «Loke» og «Domen» (1913-1918) at de bøkene dreide seg om samme tema: om «Åndens vilkår og åndens lagnad på denne jord». Det er forskjellige vinkler og tema, men alltid samme emne: «Åndens vilkår i vår mannverd» (s.25).

Sletto forstår seg som en mann kalt til å skrive, og da særlig om «Åndens vilkår». «Alltid mumra han høgtidsord um ei usynleg verd utanfor alt synleg. Olver kunde nok ane kva sjåaeren såg, men segje det i ord kunde han aldri». Det var et dikterkall å være åndens forsvarsadvokat. Og han mener at hovedpersonene må være tapere. «Men desse taparane ber ei ukuveleg kjennsle ... at når dei tapar, då sigrar dei» (s.27). «Eit utvalt menneske må ta eit tap i den ytre verdi» fordi han lever i to verdener samtidig, er borger i den vanlige verden og i den høyere verden. «Og fra den høgre verdi er det han hentar bodskapen han ropar ut» (s.28). Men åndens sendemenn blir innringet av u-åndelige makter.

Olver er ung av alder, men han er en åndelig eldre i sin sanne og virkelige alder. «Det var ei gamal sjel som byrja diktargjerningi si med verket Tenaren. Olver var sjuogtjuge år etter kyrkjeprotokollen, men han hadde ei lengere livssoga og meir vidt femnande røynsle enn han sjølv og andre ana. Det er eit stort spørsmål om Olver visste heilt kva han gjorde da han skreiv boki Tenaren» (s.44). Det var pennen som førte Olver, og han måtte følge med. Olver var «høgaldra alt då han var fødd». «Han ber tydeleg mark på at han har levd jordelivet mange gonger ... dei (som har det slik) har store umedvetne minne som ein grunnklang i seg ... dei blir leide av ei usynleg

hand ... Handi som leier Olver er kvinneleg. Diktingi hans vitnar tydeleg om det, sa Dr. Moses.»

«Det fins nokon få, ogso i dag, som evlar å sjå inn i den verkelege åndshistoria si gjennom aldrane. Dei finn atter og atter noko underleg, men som ikkje er underleg for den som veit: Sume diktarar levde ein diktar-lagnad på jord både andre og tredje gongen. Sume store toneskaldar bar i seg klangen av to tre tidlegare jordliv ...

Men det var eit sermark for alle desse: Dei vart hamra og filte heile sin alder ut! Alltid på nytt vart dei førte i avlen til ny gløding. Dei var kalla til å nå likso stor personlegdom som dei nådde meisterskap i kunstnargjerning. Det er til dette diktarlivet Olver er kalla, sa Dr. Moses. Han skulle vera ein skrivande penn, men meir enn det. Han skulde skrive eit brev til samtdi sett upp i nye bileteventyr. Men det vart kravd meir av han – endå meir: Livsens herrar hadde óg bruk for han som eit linereint ... eit fullvakse menneske.

Dr. Moses heldt fram at for kunstskaparar av dei med åndeleg høgaldar og difor vidare røymslor, dei nærmar seg med kvar levedag ein serleg dom: Ein streng og sers levande slutt-dom!

Diktaren Olver må ta denne domen, og han anar det visst: Han fær same spørsmål å svara på som alle andre av hans slag: Kor trufast du odla ditt eige sjele-innhald ... det som livet sende med deg! Og som låg i deg frå før! Og som var både skatten din og oppgåva! Du har vel aldri gløymt at du står til svars for ei билет-verd ... no for tredje gong? Ja, dette med Olver og alderen! Sa foredraget. Skulde ein dømme etter dei tre verki: Tenaren, Loke og Domen, må hans tre næraste livslaup femne over to-tre tusen år. Og det er tredje gongen han skal fullføre eit erend (s.44-46).

Her berører Sletto tema reinkarnasjon: Mennesket er på vandring gjennom mange jordeliv (s.49). Mennesket er på vandring mot nye, friere utsyner og kunne aldri stanse. Mennesket er «homo viator»: «Den som stadig er på veg mot guddomen».

Sletto gir uttrykk for at han, eller hans sjel, har vært på jorden tidligere som forfatter. Men det synes å ligge en erindring av at han tidligere har sviktet et kall. Han hadde «ført evnone sine inn på eigenkjære stigar upp til det store ry i verdi. Bodskapen han var send med, skauv han frå seg – skuld det at her kravdest tenarskap. Han enda kvar gong sin livsgang som ein av dei store i det rike han levde i. Han vilde ikkje tapa i sin tid – endå han var kalla til det. Han vart ein sigerherre i si tid – heilt synleg – heilt ytre. Ein åndens usiger. Men nå var han her på jorden på ny som forfatter:

«Eit nytt diktarerend! sa maktene. Same prøva uppatt! Til dess du vågar tapet i det ytre ... og står sigerherre i ditt indre!

Korleis vil det gå Olver ... klarer han seg denne gongen? ... denne tredje gongen, spurde Dr.Moses. Ennå står han rak, men klarer han det i lengdi?

Han spør Dr. Moses hva det skal tjene til at Olver «no har sitt tredje diktarliv her på jordi» (s.47-50). Og han fikk svar at han skulle «ta ut av foredraget dette om Olver og hans tre jordeliv ... treng ikkje publikumsinteresse».

Sletto synes å ha slitt med spørsmålet om Olver ville være «tapande». Kjente han kall til å være «taparen mellom diktarane i dag?» hadde han spurt. En røst sa: «Hald vegen. Det er gjeve deg ein eigen veg» (s.53).

Olver var blitt kritisert for å være «religiøs». Det ble sagt at han ikke forsto at religiøs diktning «er utan erend i notids litteratur» (s.73). Men i arbeid med «Løke» fikk han forståelse for at den «usynlege verdi er likso fast ein realitet som den synlege. Det ævorlege tidslaup er likso sann realitet som våre jordiske timelengder. Mannens sjel likso verkeleg som mold, vatn og luft ... det vil seia meir verkeleg enn det» (s.94).

Vi kan stille spørsmål *hva* budskapet skulle være, og *om* Sletto maktet å formidle det i sitt dikterliv.

«Glør»

I boken *Glør* (1930) skriver Sletto mer om sin filosofiske og religiøse livsforståelse og om religionenes vilkår. I kapitlet «Lovi um elden og røyken» (s.7ff) heter det bl.a. at i begynnelsen av en religion har det vært en «profet som er sett til å nøre og vakte denne himmelske elden». Og etter ham er hans disipler. «Logen brenn vel endå, men veikare.» Neste ledd holder ilden levende med sin tjeneste, «men elden tok alt no å få uklår loge», og i tredje og fjerde ledd er «røyken vorten so tjukk og grå at ingen loge tér meir, berre ein og annan gneist stig lysande opp so ender og då.» Bak seremonier og læreord er det ikke lenger det store innsyn «eller den høgtidsame dulp i kjensla. Bålet er brent ut.» Men i lange tider kan røyken stige opp, vidt over land i århundrer, og mennesket som ikke har opplevd ilden, tar røyken for å være «eld og varme og lys». Dette gjentar seg i filosofiskole etter filosofiskole, i religion etter religion. Disse religionene finner vi lenge etter at ilden er sloknet. Det gjelder egyptisk religion og indisk. Og «kven kan nå botnen i Voluspå», spør Sletto. Dette gjelder også kristendommen. «Kjøtet kjøver ånden, stengjer ånden ute», men innimellom er det små gnister som tenner et bål, men det varer ikke. Til slutt går kirken i spissen for å «hulle røykslørret over mannsætti og å sløkkje gneistane.» «Kva er Viclif, Hus og Luther anna enn sterkare gneistar som eig mykje av den upphavelige kristendomselden – og som strir mot røyken som slører jord og himmel for sjelene.»

Sletto sier at hans følelser av kristenreligionen er at «bjarte gneistar vil alltid stige på nytt og kveikje logar ustanselig. Røyken fær ikkje denne gongen vinne herredømet heilt over elden. For denne meisteren sa: Sjå, eg er med dykker alle dagar.» Han vil sørge for å vekke gnister, og det vil komme både en og to tider da «upphavselden slær bråkveikt upp i mange land samstundes, logen vil stråle so lysande at *me* i dag ville bli forundra.» Her nevner Sletto Bjørnson som tente en ild, men også hans ild har sloknet. «Så har lovi om elden og røyken synt sin verknad. Atter ein gong.» Også lutherdommens ild er slokt. «Åndsens liv synest å måtte ha dødsens motstand på denne jordi vår». Det er litt underlig at Sletto ikke nevner Garborg i denne sammenheng (Garborg søkte å orientere seg i datidens nyere, radikale bibelforskning og skrev bl.a. boken «Jesus Messias» i 1906).

I kapitlet «*Storelvi*» (s.15ff) sier Sletto at «Gudane dør kvar til si tid, segjer ein vismann ... mennesket kunne ikkje vandre lang tid um gongen i det vesle lyset frå sin kunnskap um verdsens ting, men måtte lyfte seg i tru på den usynlege verdi, so kjende mennesket religionen vera vegen til sitt sanne heimland. Difor har storelvi runne gjennom alle aldrar – og i alle land» (s.21f).

I kapitlet «*I avlen*» (s.59ff) heter det at «menneskeætti er i avlen enno. Skapningi av mennesket går for seg. Den indre tråden i verdsens soge er nok den at sjølv mennesket blir forma seint og smått og ubøyeleg etter ein plan me ikkje meir enn anar. Og rekna etter det står me enno i fyrste sogebolken, i Genesis. Men inni mannahugen ligg det ein gamal fager draum: Eingong vil mennesket stå fullferdig. Då vil ein ny bolck av livslaupt ta til.» Sletto henviser her til nyere forskning, som «den psykiske gransking i alle greiner», bl.a. pedagogikk, som viser at «mennesket enno er i si sterkaste skapningstid». Den kjensle er vekt i oss at «guddomsviljen i universum er ikkje på langt nær ferdig med å skapa mennesket. Det har også bryte fram at – dette gamle – at mennesket sjølv er kalla til å vera med å fullskapa mennesket.» Ja, selve universet er «i avlen». «Den store kunstnarhandi formar framleides. Her er universelle arbeidsplanar i full ovring, og me – me står midt i verkstaden. Framvokster, forvandling og umvandling ruslar på natt og dag i roleg gang gjennom heile den mangfelte verd. Ein blir høgtideleg av å tenkje på det.» Det står «ein guddom bak dette veldes verk» annerledes enn den som tidligere tider så. «Men ein guddom er det. Ein løynd gud. Det dei ser er ikkje guden sjølv men lysningi av han i Kosmos. Guden går gjennom sitt rike ved dag og ved natt. På det er det tusental vitnemål. Og mangt eit notidsmenneske bøygjer seg vyrdsamt og skodar i faret. Me skal ikkje nekte det at sjølv gudsomgrepet er kome i avlen ved dette.»

Dette er viktig for å kunne forstå religionskrisen, sier Sletto her, for det er lett å komme på tanken at det er «gudløysa som hertek verdi». Men innerst inne er religionen i ferd med å omskape seg. Mennesket har forandret seg, og det er kommet nye «utsyner». «Det høyrer med til visse tidbolkar det at den rådande religionen blir førd i avlen». Men mennesket er lite i forhold til den veldige kraft som guddommen er. «Han er for stor i same mun som havet er stort. Eit armt menneske kan ikkje samle han inn til ei kjærleg, etisk makt som har guddoms milde røyst og hjelpenhender – og nærmar seg mennesket utan å knuse det. Dei fleste vil bli ulukkelege og einsame under denne universelle kraft-guddomen, dei vil kjenne seg vera burtkomne barn som aldri før ... Dei fleste vil trå attende til den gamle personlege Gud som tala til fedrene ... Mennesket i jordiske kår maktar visst ikkje å tumle med eit større og vidare gudsumgrep – enn Gud som faderen.»

Selv om mange mennesker har en tendens til å søke tilbake til en guddommelig far, så hindrer ikke det at selve gudsbegrepet forandres, at forståelsen av Gud vokser med ny innsikt om livet på jorden.

«Tenaren»

I boken **Tenaren** (1913, 3.opplag 1917) trekker Sletto først opp linjer i Det gamle testamente og tenker i tradisjonell forstand at det der var spådd en skikkelse som skulle komme med ny visdom. «Det verdi lengta etter og venta på, det kom. Lovgjevaren, føraren, hjelparen, tenaren – han kom!: Jesus fra Nasaret» (s.22). Han kjempet mot motmaktene, Satan som møter Jesus i fristelsen. Han hadde blindet menneskene så de ikke ser sin plass og oppgave i verden.

«Dei skulde berre vita det, menneskje, kor endelaust høgt leidi er lagd for deim. Strålebrui som er bygd for dei. Men det ser dei nok ikkje, for dei fær ikkje lov til å sjå det.

Motmakti, verdsens fyrste blindar alle! ... Frå avgrunnen arbeidde det vonde

og gjekk inn i menneskjeverdi ... I menneskjeverdi er det at oppgjeret hev stade og skal stå. Soleis må kvar den dag som renn for ei menneskesjæl vera domens dag» (s.68).

«Mennesket fatar aldri sanningi, anna enn på ein måte. Ein einaste måte. Skal det sanne ha von um å stå klårt og evlugt for mange manns augo, då må det kleda på seg mannaskapnad. Men då er det von. Sanningi må gå synleg og samla, og som eit anna sjølvmenne taka fylgdi av sin gjerning ... og sanningi vinn yver alle når ho tek spotten og hatet utan knyst og døyr når lygni finn det laglegt å drepa henne ... Med sjel og lekam skal eg gjera kjærleiken og sanningi synleg og truleg i verdi. Og difyre er eg sanningi, kjærleiken og livet for mine brør.»

Det er *Jesus* som snakker. Han snakker med sine disipler: Mennesket har ikke forstått det første det skulle forstå: Livet (s.71). Våre skriftlærde forstår ikke livet. Og de mektige i verden, romerne, forstår ikke livet. Sletto lar *Jesus* si til disiplene:

«Dei reknar makt og glans og rikmannsgleda til innhaldet i livet.» Men nå er tiden der: «No kjem åndsriket med krafti som skal verka. Med oss som her sit kjem åndsriket. Eg er sendemannen, og eg hev kalla dykk bønder og fiskarar fra Galilea under merket ... det sigrande riket kjem med oss. Riket er sjølve menneskjeriket i verdi. Heimsriket.

Kvart folk er det utvalde folk i dette rike. Med di at kongen i dette rike er guddomen, og alle menneskje skal vera tenarar for guddomen, so er ikkje menneskje herre yver herre i dette rike, men brør mellom brør» (s.73). Forskjellen mellom verdens rike og gudsriket er så stor at «verdi må snu midt på vegen og gå beint attende, skal ho vinna fram ... Åndsriket hev tre evige grunnlover:

- 1) skaparvilje yver menneskjevilje
- 2) elsk din neste som deg sjølv; lid det du må i verdi,
- 3) og gå tenarvegen.

Fleire lover treng ikkje menneskjet. Ordtaket er: «Elska og tena!» Striden skal ikkje stillast fyrr åndsriket eingong i den lange framtid kan segja: No er det ingi myrkheims magt lenger! For det vonde skal til slutt styrtast på nytt i avgrunnen. ... Og imedan skal striden ganga dagleg og ustanseleg.» Gud fører striden, og mennesket i åndsriket er villige redskap i hans hender (s.75).

Jesus lærer disiplene syv ting om riket: frihet, makt gjennom lidelsesveien, rikdom gjennom tilgivelse, visdom gjennom rett og renhet, stolthet gjennom tjeneste, vennlighet gjennom å tjene tanker som er større enn du selv fatter, du skal nå det fullkomne (s.76-77).

«De skal ikkje lenger stå som redde trælær under den høgste, men som born. Eg fører dykk ut av trældomen og inn i fridomen ... Ver ikkje ottefulle. De står

aldri åleine heretter, men i samlag med mange. Innbyrdes er de syskin av den same mannaætt ... kalla til stor dåd: strida imot det vonde» (s. 80).

I beskrivelse av korsfestelsen (s.93ff) sier Jesus til slutt: «Far, tilgi dem. De vet ikke hva de gjør». Dette «sa han stilt til makter som ikkje folket såg» Og en røst nede i mengden svarte: «No hev du sigra, Jesus frå Nasaret. Heretter er du Kristus.» (s.102). Og to grekere sa: «Hans liv var hans læra. Og hans liv var kjærleik ... han ofra seg so hans menneskjebrør måtte leva ævorleige». Oppstandelsen betyr at «Kjærleiken og sanningi står jamt uppatt» (s.104).

Etter dette følger i boken en kort historisk skisse av kirkens liv, om rette veier og avsporinger. Ireneus var blant de rette: «Kristi etterfylgjarar skulle inn under lidingslovi eller tenarlovi, for etter den lov skal Kristriket byggjast.» De med livserfaring sa at Kristus «samstundes som han er det store mynster, er han krafti og hjelp til å veksa honom lik» (s.120).

Historien ble full av avsporinger. «Dei kallar honom den herre Kristus – ikkje tenaren». «Dei store hev teke Galilearen burt for folket»:

«Kyrkja var ikkje noko Kristi åndsrike endå ho gav seg ut for det. Målet for Kyrkeriket var makt på jordi. Med Kristi åndslover hadde det ingenting å gjera ... Her sat paven i purpur og gull og hans kardinalar, bispar, sendemenn, livvagt – alt var i gamal romarstil. Kristi namn var berre ei bjølla Kyrkja skrangla med kvar gong ho vilde ha større fyremuner hja keisar og konge – eller krov millionar av skatt i handi. Denne magti kalla seg Kristi åndsmagt.» (s.125ff).

«Tilbotnar forfuska Kyrkeriket Kristi ånd og sanning», heter det (s.128). Tåke, motsetninger, store krefter! Men samtidig lever «stille lemer av Kristi sanne åndsrike ... Det er håpet om at Kristus vil koma med ny åndsmagt, ny klårskap. Den sanne Kristus som er Gud av Gud og ikkje Gud av menneskje» (133). Det kom folk og røster som brakte det opprinnelige tilbake, bl.a. Luther. «Med Luther og sanningsrøystene kom atter tenaren Kristus til folket». I historiens løp har det vært mange Kristus-bilder, mer eller mindre sanne. Men «Sjølve Kristusbilætet, det livgivande og sanne, det som gjer under i hjarto – ætti som ætt hev ikkje fenge det upp for seg endå» (s.142).

Kristus «gjeck inn i eit heilag samlag med menneskje, og han bygde just i mannahjarta heimstad for sin ånd. Han skipa eit arbeidande sanningsrike midt i svarmen, eit tenar- og broderrike, og tvo tusen år hev riket hans livt, men no er det just i sin vonfullaste ungdom» (146).

Etter *Tenaren* utga Sletto bøkene om Loke (*Loke, Domen, Millom eldar og Skyming*, 1915-1918). I disse bøkene har han ønsket å skildre det ubevisste sjeloliv «med den norrøne mytologien som bakteppe», sier Eva-Charlotte Mørk (se hennes artikkel og magistergradsavhandling). Fortellingen om Loke er «et bilde på sjelens kamp med de ulike kreftene som trekker i den». Lokes søken etter den høyeste makten er

«et bilde på noe mer grunnleggende menneskelig, nemlig sjelens lengten etter Gud» heter det. «Loke er en representant for menneskesjelen, som slites mellom ulike identiteter, som lengter etter tilhørighet, og som stadig er på jakt etter en innsikt om den høyeste makten, og altså stadig søker etter Gud». Loke-bøkene viser at Sletto arbeidet dypt og på flere plan med sitt tema om «åndens vilkår og åndens lagnad på denne jord».

Den svenske erkebiskop Natan Söderblom (1866-1931) fattet stor interesse for Slettos arbeid og inviterte ham bl.a. til å holde foredrag i Stockholm. Det at Söderblom, som hadde vært professor i religionsvitenskap i Uppsala før han ble erkebiskop, fattet slik interesse for Slettos bøker om Loke, sier noe om kvaliteten i dette arbeidet. Lokes «utvikling symboliserer menneskesjelens tidløse lengsel etter Gud, og i denne tolkningen uttrykkes det en idé om enhver religiøs tro som en grunnleggende søken etter den sanne guddommen» sier Eva-Charlotte Mørk. «Det er selve menneskesjelen som trekkes mot den høyeste makten, og andre religiøse overbevisninger, slik som åsatro, fremstilt som kun et steg på veien mot den sanne Gud».

På denne veien ser Sletto «tenaren» Jesus Kristus som den viktigste impuls i menneskehetens utvikling.

«Av alle ideal hev tenaren Kristus vore det høgblåtet som hev gjort rikast gjerning. Det hev verka skapande under just i dei sterkaste og beste no i tuo tusen år. Kristus er endå den mest verksame av alle menn som liver i mannasoga. Førar og tenar er han framleides. Og rådsdagen hans er stigande, merkar åndene i dag» (*Tenaren* s.148).

Overskridende opplevelser

I Per-bøkene, som sannsynligvis er selvbiografiske betraktninger fra egen barndom og oppvekst, beskriver Sletto noen opplevelser som overskrider den daglige bevissthet og åpner sikten for «åndens lagnad på denne jord». I *Per Spegil* (1939) fortelles at Per er ute og ser på månen, mannen i månen, og merker at det står en mann ved siden av ham. «Det stod ein mann som eg hadde venta. Det undra meg ikkje eingong. Toleg høg var han, mykje høgere enn eg, han stirde ende upp på månen. Han ikkje så mykje som blunka med augo, berre såg» (s.193).

Den kloke nabo Ingebjørg forsto og tolket for ham. «Det var deg sjølv du såg, skal du veta, sa ho. Du såg deg eldre enn du er no.» Ingebjørg fortalte at hun selv hadde sett seg selv som eldre da hun var nitten år.

Per måtte gå i butikken en ettermiddag for å kjøpe hjortesalt (bestemor skulle ha besøk av nabokonene og manglet hjortesalt). Per måtte av sted, og det ble mørkt på hjemveien, han ble redd (s.176ff).

«No var det berre skogen til alle kantar ... Sveiten kleima nedetter ryggen på meg ... eg stod fastnagla og einstirde inn i grani som hadde vekt uro ...»

Så oppdaget han stjernehimmelen, og glemte seg bort.

«Stod eg lang tid der og øygde ende upp? Eller var det berre ei stutt stund? For det sokk inn i meg ei stor gløymse, ei trygg sval håtteløyse. Det strauk seg ut av minnet mitt at eg hadde vore på veg heim, at det hadde vore skræmeleg og mørkt so eg sveitta og fekk hjartedulp. No leika eg trygg innerter ein blådjup himmelbotn, og fann bjarte glade steinar som kappskein. Og eg tok til å gå. No visste eg ikke av at eg skulle hit eller dit, men gjekk. Rusla frametter. Vegen lyste og snøen lyste burtunder granene på båe sidor.. Og det fløyndde inn skogen ein lukkeleg fred, ei blid ro, so det var heilt godt å vera til. Eg vart hoppande lett og mumla og song ...»

Han kom fram og så huset, «vakna liksom», og så ble det helt mørkt igjen, men han var hjemme.

«Over stod stjernone som før, men dei var småe alle og slett ikkje so mange som dei hadde vore. Kva var det eg var komen inn i og som gjekk for seg med meg? Kva var det som hadde hendt og skapt alt um? ... Det var noko godt var det. Og venleg ... Det var kome ein underleg fred på jordi. Mørkret var annleis enn eg nokon gong hadde visst» (s.183f).

For meg er denne fortellingen et tegn på at Sletto som liten hadde opplevd noe som overskred den daglige bevissthet. Sløret ble tatt bort, og han så inn i en større virkelighet, og visste dermed noe om «åndens vilkår i vår mannverld».

I *Per Sjøl* (1940) forteller Sletto om da bestefars datter var blitt syk og han ville besøke henne (fire dagers reise, s. 216ff). Per fikk det for seg at det ville være forgjeves, datteren ville være død før han kom fram. Hvordan overbevise bestefar? «Storeboki» (bestemors Bibel), tenkte han – der ville han finne en spådom som bestefar kunne tro på. «Kunde eg segja bestefar at ho hadde sagt det, så trudde han med ein gong» (s. 219). Per tok boken og gikk ut til sitt hellige sted i skogen. Gjorde det slik bestemor gjorde da hun spådde, bind for øynene, slå opp tilfeldig og dreie fingeren tre ganger, og kors, før han satte fingeren ned på et vers. «Døyr ho før han kjem fram, spurde eg.» Svaret var «Og i borgen Susan ihjelslog og ødelagde jødene fem hundre mænd» Slik stod det. Og meir fanst ikkje i det verset». Han tolket det som at bestefars datter ikke ville dø før han kom fram, så han sa ikke noe til bestefar.

Men Per hadde et personlig spørsmål også, med tanke på gjeterjobben som han skulle på den sommeren. «Koss skal det gå, spurde eg høgt». Og svaret var «Vær rede til i Morgen. Stig årle opp på Sinai Bjerg! Og still dig for mig på Bjergets Topp!» «Kven var det som ville tala med meg?» Det var Gud selv, fant han ut.

Per så da en fjelltopp (Undernuten) som kom fram ut av tåken. Så han bestemte seg for å dra av sted til toppen neste morgen. «Still deg for meg på Bjergets Top» lød det igjen.

Etter en urolig natt dro han av sted tidlig neste morgen. Undernuten «var komen nærmare. Han var høgre og lysare enn Bjergets Top, han drog meg» (s.227).

Med spenning og forventning gikk han så mot «bjergets topp». Han ventet å møte Gud selv, men kunne ikke se noen der oppe.

«Det fengde ei yr glede langs heile åshellingi, det auka etter som det gyltest der uppe. Og før eg meir visste korleis det bar til, strauk det noko varmt ... noko blidt ... noko blankt over høgre kinnet mitt. So bråskyldde det um meg på alle leder som ein eld. Bylgja forbi meg. Gaus gyllande ned bratta bak meg. Heilt klumsa snudde eg meg. Kva var det som gjekk framum? Men det eg såg var berre? soli at ho fløynde nedetter mot myrdraget. Der nede sov alt i skugge endå. Sov som før» (s.230).

Per gikk på, kom opp på toppen – og der var ingen. Ventet at Han skulle komme. Men ingen kom. Per ble først skuffet.

«Men bråleg som eit blink rann ein tanke upp: Eg hadde møtt mannen med kyrtelen og gullstaven! Eg skyna det berre ikkje den stund det skjedde. Han stod på Bjergets Top, han ... som lovt var. Med eg gjekk over myri der nede, då var han her uppe i full ljoske. Og so gjekk han meg i møte. Og då han skrei framum meg der nedi hallet, båra ein glans um meg, so eg måtte lata augo att ein augneblink. Han strauk meg lett over kinnet, kjende eg. Men han stansa ikkje, han hadde for lange vegjer å gå, so vandra han vestover den store jordi si og vekte upp. Nørde alt daglivet, det braga og vart uskyneleg under alle vidder utover. Fuglane såg han vandra fram, dei song seg yre. Eg hørde at det var noko måta. Eg hørde gleda» (s.232).

Også her viser Sletto at han hadde kjent den større virkelighet, vært i berøring med «Åndens» virkelighet.

Røgnaldfolket

I bøkene om Røgnaldfolket beskriver Sletto flere slike overskridende opplevelser. I **Under Solhov** (1943) fortelles det om Gamlemor i Dyreskaret (Røgnalds mor) som hadde en «nær-døden-opplevelse» etter at hun hadde vært ute i snøstormen. Etter det ble hun syk og synes å ha ligget flere uker nærmest i koma. Hun hadde sunket dypere og dypere ned, fortalte hun til presten Silju som er på besøk i Dyreskard sammen med Røgnald, og han skulle gi henne nattverd. «Ho sig ned gjennom mørke kjellarar ... sokk nedgjennom kjellar etter kjellar.» Ho fortalte at det var «ei natt ho var søkke so langt ned at ho visste ikkje for vel om ho levde» (s.125).

«Då skaut eit lyn fram, ho kvakk, og ho såg at lynet rann tvers over kammerset som oppunder taket. Det vart so lyst at ho kunne ha rekna veggssprungone. Like etter var det belgande mørkt. Men eitkvart greip henne liksom og meinheldt henne nedåt sengi, ho vann ikkje lea ein fing. No dør eg! hiksta det inni bringa på henne. I same tok nye lyn til å gå millom veggjene ... fort i fort, tett i tett. Augo klemde ho i men såg ljoskane betre og betre. No sprang lyn på kross og tvers, det var som eit æsande solskin kammerset over fra golv til tak. Og ho hørde ein vedunders klang langt burte ... ymist meinte ho det var

ómen av ei kyrkeklokke ... ho vart so glad at ho måtte gråte. Og i denne lukkegråten vart ho liggjande til dagsljøsken stod inn glaset, då dorma ho av».

Hun fortalte at hun lå som i en døs dagen lang, og at «døden var komen til gards, han stod på skugl uta glaset».

«Kos det meir bar til. Kammerset vart brålyst som natti før, men det var eit stilt lys denne gongen og det just som sveipte inn henne. Ho låg i lyset som inni ei sky. Det var som skire elden men det var ikkje eld. Og kammersveggjene såg ho ikkje meir, dei var burte. Ho visste berre ein ting at no var han komen – Gud sjølv.»

Hun forstod alt da dette skjedde, sier hun til Silju:

«Ho skjøna sitt eige liv dessmeir. Fjell og storm og død og sorg, alt var Herren. Alt var likso kjærleg som det var uskyneleg, ho såg det i ein einaste blink. Stundi etter fann ho seg att nedpå sengi, men ho var eit nytt menneske. Frå den natti hadde sol skine i kårstugun i Dyreskard. Tyngdest hjarta sume stunder, då drygde det ikkje lenge før det kom: På veggen burtmed peisen rann det ei sol midt over ein grøn bjørketopp, ho kunne berre liggje og sjå seg glad. – E æ vørten tå dei som fær sjå Gud som sol, uttydde ho ... Og nåde kom på alle vis, heldt ho fram.

Og Silju ga henne nattverd. Han ble selv grepet av ordene han leste, de talte med «ein indre tale han aldri hadde høyr i dei før. Noko stort og mildt var sagt beinveges til henne som låg der. Han gjorde ein stans, såg på ord for ord ein gong til». Jeg forstår denne beskrivelsen som uttrykk for at Sletto hadde kjent «åndsriket» og visste at det var mer her enn den fysiske, ytre verden.

Sletto skriver også om noe presten Lars Silju opplevde, at noe utenfor den daglige bevissthet «greip inn». Silju var vikarprest i bygda, og så ble stillingen utlyst. Klokkeren hadde bedt Silju søke prestestillingen, og han hadde sagt at han ville gjøre det (s.334f):

«Det kom av seg sjølv denne gongen med. Alltid når det hende noko for Silju, so kom det av seg sjølv. So kom det berre. Det greip inn. Eit eller anna langt utanfor han greip inn, og det styrde han nett den vegen det ville. Denne gongen var det klokkaren som måtte ta strevet.»

Her beskriver Sletto innsikt om «Åndens vilkår og Åndens lagnad på denne jord». Ved å slutte å styre og overgi seg er det noe leder. «Det er NOE som leiter etter deg», som Hans Børli sier. Sletto visste dette.

I **Ettbunden** (1944) fortelles det at Silju hadde fått låne teologisk litteratur av prestekollega Fredriksen og hadde store ambisjoner om å studere teologi. Han står tidlig opp om morgenen og setter i gang med lesning.

«Han forsto godt Fredriksen. Og kvar bok arbeidde i hovudspørsmål. Det var plan i utvalet. Men her var ei veile like vel, og den låg i Silju sjølv. Han ville sanna det straks. Han var ikkje skapt med evne for vetskapelege ting. Dei stelle der Fredriksen hadde gledd seg i tankar og samanheng og vore spana og streka under ... just der dabba Silju mest av. Ingen ting vann å knyte tråd i han personleg. Skulde noko kjennast som rikdom for han, då måtte han på eitt eller anna vis sjå det. Han skyna betre og betre at han var soleis. Skulde han eigne til seg noko, laut han få det i kjensla ... og liksom føde det på nytt. Tankar kunde han ikkje fylgja so plent letteleg. Når ikkje tankane var sagde slik at han såg dei ... som levande bilete ... so klara han ikkje å fylgje dei. Han såg ingen ting, han sat heile tidi og sakna. Men kva var det han sakna?»

Han kjente seg udugelig, følte «veikskap som prest. Her mangla noko i sjølve utrustingi, for ein prest måtte vera mykje av ein tenkjar.» Han tok seg sammen, ville ikke gi opp. Men timene gikk – dette var vel ikke veien for han.

«Skulde han eigne seg noko, laut han få det i kjensla, og liksom føde det på nytt». Med dette viser Sletto at kristen tro ikke handler om teori og bøker, men om praksis, handling i hverdagen. Det handler om å lytte til hjertet.

Sletto og den nye åndelighet.

I **Olverbøkene** (1954-1961) møter vi, som nevnt, Sletto i selvbiografiske betraktninger. I **Upp bakke og ned dal** (1957) forteller han om Olver i København. Hr. Helge som han har samtaler med, uttaler: «Eg har på kjenn at De, Olver, innast inne ... ja, innast inne er De religiøs, sa han» (s.157). «Kanskje? ... veit ikkje?» svarer han, men sier også at han får en poetisk stemning når han leser Bibelen. «Men det er vel ikkje dette ein kan kalle å kjenne religiøst?»

«Trur ikkje det ligg så fælt langt undan, svara det. I fall at det religiøse er at ein kjenner livet i tingen og bak tingen og kjenner det evige bak stundi, so er De og eg sjølv med religiøs, meinte han. Han fortalde at det var på ein fottur i Valdres han opplevde den åndelege verdi. Det var ei stutt stund, men det var ei evig stund. Og ein dag vilde han skrive nøgje ned kva han opplevde ... den gongen ... Han var ung den gongen. Meir segjer eg ikkje no, la han til.»

Han sier at han hadde tenkt å dikte på opplevelsen, men turde ikke, han tilhørte den unge frie litteraturleir. Og litteraturkritikken var myrdende mot alt som smakte av religiøsitet. Han turde ikke å bli kastet utenfor. Han sier at han hadde trang til å gjøre dette godt igjen, og arbeidet med Tolstoi som hadde våget å stå fram med sin religiøsitet. «Olver sat forundra: No fyrst hadde han lært Hr. Helge å kjenne.»

Men han kom til å tenke på at han selv ikke hadde vist seg modigere. I samværret med fem norske på Askov folkehøyskole hadde han tidd om sin religiøsitet. Han hadde ikke våget å si at han leste bøker om religionspsykologi (William James) og undersøkte norsk pietisme. Han forstod at religiøse i dalen hjemme var med «i ei ålmenmenneskeleg sjelerørslø, for dei hadde ein natur som kravde eit heitare indre liv. Dei hadde sine likar og brør i alle land og i alle religionar. Var ikkje

einstødingar. Dette var nytt for Olver. Men det knytte han for ålvor til sine gamle grendefolk uppi dalen. Og dette var det han kjende seg nøydd å tegja med» (s.159).

Den nye tids åndelighet er imidlertid preget av mange av de ting som Sletto framhever: Innsikten om en pågående evolusjon, en erfaringsbasert kristendom og tjenerholdning som veien.

Midt i evolusjonen.

Den nye tids åndelighet har innsikt om at menneskene alltid og fremdeles lever i en evolusjonsprosess, at vi som lever i dag ikke er ferdig utviklet, men står midt i evolusjonen og har en vei å gå. Som vi har sett foran, sier Sletto:

«Menneskeætti er i avlen enno. Skapningi av mennesket går for seg. Den indre tråden i verdsens soge er nok den at sjøelve mennesket blir forma seint og smått og ubøyeleg etter ein plan me ikkje meir enn anar. Og rekna etter det står me enno i fyrste sogebolken, i Genesis. Men inni mannahugen ligg det ein gamal fager draum: Eingong vil mennesket stå fullferdig. Då vil ein ny bolk av livslaupet ta til» (*Gjør*).

Erfaringsbasert kristendom.

Sletto legger vekt på erfaringen. Presten Silju opplevde at «skulde han eigne seg noko, laut han få det i kjensla, og liksom føde det på nytt». Det var lite gagn i å lese teologisk litteratur. Han måtte oppleve det åndelige i hverdagen. Det er slik tanken også er innen nyere tids åndelighet. Det er erfaringen som teller, ikke teorier. Det er en erfaringsbasert religiøsitet. Den viser Sletto til både i sine selvbiografiske Per-bøker og i bøkene om Røgnaldfolket, som vi har sett foran. Han har hatt kjennskap til overskridende opplevelser.

Tjenerholdning som veien.

I boken «Tenaren» har vi sett at Sletto framstiller Jesus som det store forbilde. Jesus har gått veien som tjener. Derigjennom har han vist hvordan vi er kalt til å leve. Med referanse til kirkefaderen Irenæus sier Sletto at «Kristi etterfylgjarar skulle inn under lidingslovi eller tenarlovi, for etter den lov skal Kristriket byggjast». De med livserfaring sa at Kristus «samstundes som han er det store mynster, er han krafti og hjelp til å veksa honom lik». I nyere åndelighet er det en innsikt at veien er overgivelse, at det er snakk om ikke å la sitt liv styres fra ego, jegbevissthet, men fra gudsbevisstheten og da må jeget overgis, ego må «korsfestes». Og Jesus har vist veien. Slettos syn på dikterkallet viser at han selv forsøkte å gå den veien. «Eit nytt diktarend! sa maktene. Same prøva uppatt! Til dess du vågar tapet i det ytre ... og står sigerherre i ditt indre!»

Min konklusjon er at Sletto med sine innsikter om utvikling, erfaring og kristendommens vekt på tjenerholdning har vært forut for sin tid.

Kristus «gjekk inn i eit heilagt samlag med menneskje, og han bygde just i mannahjarta heimstad for sin ånd. Han skipa eit arbeidande sanningsrike midt i svarmen, eit tenar- og broderrike, og tvo tusen år hev riket hans livt, men no er det just i sin vonfullaste ungdom».

”LOKE-serien - en sjeldenhet i verdenslitteraturen”. Olav Slettos LOKE-bøker lest som fantasy-litteratur



Foto: Michael Mørk Amundsen

Eva-Charlotte Mørk har skrive masteroppgave om ”Mytologisk prefigurasjon i Olav Slettos Loke-bøker”. Ho har lese Loke-bøkene som fantasy-litteratur. På same måte som i fantasy-sjangeren, skildrar Sletto ei sekundær verd full av magi og magiske vesen, med klare trekk frå historisk vikingtid. Sletto brukar ein kjent mytologi til å fortelja både ei historie om karakteren Loke og samtidig ei djupare fortelling om mennesket generelt. Loke er makthungrig og hans veg til det Sletto kallar Allfaderen blir derfor meir enn kronglete. Artikkelen er ein bearbeidd versjon av foredraget Eva-Charlotte Mørk held om LOKE-bøkene under OLAV SLETTO-DAGEN 2016.

Aller først: hvorfor Loke-bøkene? Planen var egentlig å skrive om noe annet, men da jeg først leste om Slettos Loke-bøker – i et avsnitt i Gerd Karin Omdals *Grenseerfaringer. Fantastisk litteratur i Norge og omegn* – ble planen å skrive om første bok i Loke-serien, i tillegg til noen andre romaner. Etter hvert som jeg fordypet meg i Slettos serie, og oppdaget hvor mange lag den har av intertekstualitet og underliggende mening, ble jeg mer og mer fascinert. Spesielt det mytologiske og det kristne aspektet interesserte meg veldig, og er også det jeg har valgt å fokusere på i dette utvalget. I tillegg hadde jeg en del kontakt med Eva Almhjell, som var utrolig ivrig og begeistret for Olav Sletto, noe som hadde en svært smittsom effekt på meg. Den endelige planen ble altså å fokusere avhandlingen kun på Loke-serien, noe jeg er veldig glad for i dag.

Jeg skal først si litt om serien generelt, dens mottakelse i sin samtid og dens sjanger. Deretter skal jeg gå litt mer inn i selve teksten og fortelle om bruken av norrøn og kristen mytologi. Jeg skal ikke si noe særlig mye om forfatteren, da de fleste, kanskje alle, som leser dette årssheftet, kan mer om det emnet enn det jeg kan.

Loke-serien

Den første boken, *Loke*, ble utgitt i 1915, og året etter kom *Domen*, som skal leses som nummer fire. Sletto hadde egentlig tenkt det som en trilogi, men den midterste delen ble til to bøker: *Millom eldar* (1917) og *Skyming* (1918).

Serien er bygget på den norrøne mytologien, og Sletto viser grundig kjennskap til stoffet. Karakterer som Loke og Odin er lett gjenkjennelige, og Sletto utnytter flere elementer fra forelegget. Han gjør seg likevel ikke avhengig av å følge verken innhold eller struktur og går til tider langt vekk fra mytene slik vi kjenner dem. I tillegg

til den norrøne gudelæren inneholder bøkene flere elementer fra bibelsk mytologi, som også er med på å forme forståelsen av både karakterer og hendelser i verket. Sletto bruker en kjent mytologi til å fortelle både en historie om karakteren Loke og samtidig en dypere fortelling om mennesket generelt.

Olav Sletto er – dessverre – en relativt ukjent forfatter i vår samtid, og når han først nevnes, er det som regel i forbindelse med heimstaddiktinga hans. Uten noen form for spørreundersøkelse er jeg ganske sikker på at de fire bøkene som utgjør Loke-serien, ikke blir lest i særlig stor grad i dag. I sin samtid ble de både hyllet og slaktet – men mest det siste. Dette kan vi lese i Dale og Reintons “Ei bok om Olav Sletto”. Men forfatteren selv følte at den siste i serien, *Domen*, var det beste han hadde gjort, uansett hva kritikerne mente: “Det er det beste eg har gjort, folk kan segja kva dei vil” (Dale og Reinton, 1966: 72).

Bøkene er riktignok ikke helt enkle å komme gjennom, både på grunn av det til tider svært vanskelige språket og den symbolmettede stilen. Dette kan gjøre innholdet vanskelig tilgjengelig, noe enhver leser av Loke-bøkene trolig har kjent frustrasjonen over. Slettos egen beskrivelse av stilen er “sterk rytmisk prosa” (Hol bygdearkiv, Olav Sletto), og han kaller det et “lyrisk-episk dikt” (Ibid.). Det er absolutt ikke noe man bare skimmer gjennom på solsenga (!). Hvis man likevel velger å dykke ned i Loke-serien, vil man etter hvert oppdage en svært spennende historie, formulert i et poetisk språk som ofte utvasker grensene mellom prosa og poesi. Som en kritiker sa: “Egentlig letlæst er den ikke. Men har man først tat fat paa den, slipper man den ikke”. (Hol bygdearkiv, Erik Lie).

Med unntak av noen få, svært begeistrede lesere, var kritikken av Loke-verket generelt negativ. Samtidens lesere slet med å forstå symbolikken i bøkene, selv om de kunne ane at det lå en dypere mening bak. En kritiker skrev at “bokens fabel er bare et middel til å finne uttrykk for merkelige tanker. Men hvilke tanker? Jeg aner jo at man står likeoverfor en alvorlig villet religiøs-filosofisk digtning. Men jeg fatter ikke hvor den bærer hen” (Dale og Reinton, 1966: 67).

I 1923 ga Johan Austbø ut *Olav Sletto. Ein studie*. Han forstod tilsynelatende mye av det symbolske ved Loke-serien, men mente at det nettopp på grunn av at det “ligg for djupt og for høgt” (Austbø, 1923: 21), aldri ville bli særlig populært. Han hadde likevel håp om at det kunne bli stående som et av de klassiske verkene i norsk litteratur, og enkelte mente til og med at “Sletto kom til å bli den neste store prosadiktaren i norsk bokheim etter Duun og Uppdal” (Dale og Reinton, 1966: 150). Noen slik status fikk verken Sletto eller Loke-verket.

Loke-serien som fantasy

Slettos verk om Loke hører hjemme i fantasy-sjangeren og er kanskje “den første serien med fantasybøker i Norge i moderne forstand” (Omdal, 2010: 162). Selve fantasysjangeren er vanskelig å definere, men det er en generell enighet blant litteraturteoretikere om at det handler om konstruksjonen av det umulige. Sletto beskriver en verden som har mange likheter med vår, men som samtidig er så tydelig annerledes enn den at den må karakteriseres som en sekundær verden, altså en annen verden enn den vi befinner oss i, som er primærverdenen. Denne sekundære verdenen er full av magi og magiske vesener, men har klare trekk fra historisk vikingtid. Tydeligst er dette i Slettos skildring av Mannheimen, som inneholder flere

Bygda hadde også enkelte som *såg* det dei andre ikkje såg, og som forsto seg på å tyde draumar, hugsyn og andre teikn. Nokre av teikna var det berre ungar som såg, og den evna forsvann etter som ein vart vaksen. Ingibjør budde aleine i ei stugu i skogen nedanfor Sletto, småbruket der Olver vaks opp. Ingibjør var av dei som *såg*, og som ga Olver full støtte på at den vesle blå nissen guten såg sprette seg og slå hallingkast under stalltrevet så bjella på sæletøyet ymde fjerde juledag, var sann nok. Bestefar hadde sett det same, liksom bestemor hadde det, men ho ville ikkje ha meir prat om dette. Ho avfeide det som draum, og sørnga slik for ein viss balanse mellom folkeleg overtru og kristentru. Ingibjør meinte Olver var av dei som hadde fått *draumegava*, og at han hadde "berre dørstokken att" før han vart av dei som *såg*. Ho hadde hatt draumegava i heile sitt liv, Ingibjør, og hatt glede av det, men å *sjå* skulle Olver ynskje ifrå seg, for det var oftast tungt å sjå, fortalde den synske.¹³ Her viser vel Olav Sletto kva som kan bu av åndelegheit i sitt eige fjellfolk, slik han såg det. Ei åndelegheit som skil seg sterkt frå den han møtte i byen, hjå byfolket.¹⁴

Det var altså ikkje bondekvinner av dette slaget Lønning sikta til i si oppsummering av relasjonen mellom Olver og kvinnene.

OLVER INNTEK KRISTIANIA

Som nemt er Olverbøkene ei blanding av fiksjon og fakta. Om dagane i Kristiania meiner L. Reinton at møta verkelig fann stad, og at dei fleste av personane var ekte. Sletto-brev heim til Hol tyder på det [LR, Ei bok om Olav Sletto, s. 40-41].

¹³ O I, s. 95. Ingibjør er ein karakter frå Per Spegil, den fyrste av dei fire Per-bøkene.

¹⁴ Kvar han ellers henta byggeklossane til si åndelegheit, skriv eg meir om i tillegget til denne artikkelen.

I september 1908 er altså Olver komen til hovudstaden. Han er på veg til Danmark. Med eitt var Olver eit namn i dei høgare litterære krinsar i hovudstaden! Han vart bedt hit og dit til kjende folk. Eller som han seier det sjøl: "Han vart teken i vern av høgvyrdt folk alt andre dagen han var i byen."¹⁵ Rykta om den nye folkelivsskildraren, fjellguten frå Hallingdal, hadde gått føre han. Vilhelm Krag tok han under sine vengjer og var døropnar for debutanten då han fór vidare til København.¹⁶ Han vart kjent med Fredrik Paasche, seinare litteraturforskar og dosent, Christen Collin, litteraturhistorikar og seinare professor i europeisk litteratur, begge ved Universitetet i Kristiania. Av ein målar Midlum og Kunstmannesket (sjå under) vart han tatt med i museum og kunstgalleri for å "lære å sjå kunst". Olver hørte forelesningar av professor i litteraturhistorie, Gerhard Gran. Han var i gang med si store dannelsesreise. Før han forlet Kristiania, fekk han glimt av dei agelege, dei frykta kritikarane Sigurd Bødtker, Nils Kjær og Carl Nærup, desse som han skulle koma til å dragast med resten av livet. Det gjorde inntrykk, men vippa han ikkje av pinnen.

Olvers møte med byen Kristiania er fyrst og fremst møter med store og agelege menn. Kvar blir det av kvinnene? Dei bladfyken Lønning kalla dei penge-sterke damene, slike som Mimi Falsen, meldte seg, og andre etter kvart, med velmeinte dannelsesrette tiltak, kan ein si. Det kjem eg attende til. Men fyrst høgdepunktet for dagane i Kristiania før han reiste vidare til København hausten 1908.

OLVER BLIR ÅTVARA MOT Å VERA EIN "KVINNEBETVINGER"

Høgdepunktet for Olver var møtet med Bjørnstjerne Bjørnson i Kristiania. At Olver hadde ei spesiell tiltrekning på kvinnene kjem fram i mange samanhengar. T.d. utbryt forfattarkollega Sven Moren at han trudde kvinnfolke ville ta livet av han. "Du gjer noko med dei, du hypnotiserar!"¹⁷ Den gamle Bjørnson hadde auge for den vakre unge mannen framfor seg, kanskje kjende han seg att i han? Dei snakka mellom anna om tilhøve til kvinna. Bjørnson åtvare den nyslåtte forfattaren mot å finne glede i "å være en kvinnebetvinger [...] De taper i værd det De vinder i erfaring." Om han hadde ei kvinne som batt? Den unge svare ja og tenkte på Karin Bryde, som han på forsommaren same året hadde treft på Notodden.¹⁸ Møtet med Karin er ikkje med i Olver-bøkene, men Olav Sletto skriv med begeistring om samtala med Bjørnstjerne Bjørnson i eit seinare brev til Karin Bryde¹⁹. Møtet med Kunstmannesket, Mimi Falsen, er, som vi har sett, med, og ho er ikkje oppdikta.

OLVER MØTER MODERNE BYKVINNER - MED USTETTA MORSKJENSLER? Mimi Falsen (1861-1957)

Ho kalla seg Kunstmannesket, var målar med solid utdanning. Olver oppfatta henne som "ei eldre dame med ein gåtefull og merkverdig hatt. [...]"

¹⁵ O I, s. 133.

¹⁶ Vilhelm Krag, mellom mykje anna teatersjef og leiar i Den norske forfatterforening og ein ihuga kommunisthatar (https://nbl.snl.no/Vilhelm_Krag).

¹⁷ LR, s. 44.

¹⁸ LR, s. 41.

¹⁹ Eva Almhjell/Jørn Øyrehagen Sunde: Anne Sletto – eit kvinneportrett, Boksmia 2015, s. 33, og LR: Ei bok om Olav Sletto, Samlaget 1966, s. 41.

Ho var likso grei som ho var original og småkronglut, ho vilde heite Kunstmennesket, og var eit hjartemenneske.²⁰ Ho kledde seg mannfolkaktig, hadde mannsveis, og insisterte, som nemnt, på at Olver skulle lære å sjå kunst, dvs. målararkunst.²¹ Mimi Falsen var syster av Inga Falsen Gjerdrum (sjå seinare) og budde i eige husvær i systema sin hage. Ho førde hus og inviterte m.a. Olver til teselskap før han avslutta Kristiania-opphaldet sitt hausten 1908. Olver møtte fram i bunad med sølvknappar på korttrøya og vart tatt i mot av vertinna, som introduserte han for ni ungmøyer. Dei hadde førebudd seg til strid om landsmålet. No skulle dei ta han! Ei av dei, den vakraste, som var filolog, førde ordet, men når det kom til stykket, lét ho på at Olver slett ikkje tala landsmål. "Han tala eit vakkert klangfullt mål, eit lett skjøneleg mål, ingen måtte fortelja henne at det var landsmål det. Det var eit fritt, vakkert norsk riksmål han nytta seg av."²²

Kunstmennesket ropte då ut at "[...] Der har me gudhjelpen den gamle visa [...]. Dette er ingen kamp! [...] De er forelska i fjellguten vår, forstå de ikkje det? De er tapte alt! Nei, me kvinner er nokon elendige skapningar, alltid skal hjarta koma i vegen for oss!". Olver bedåra heile hurven, og kvelden vart avslutta med at han deklamerte dikt av Garborg og andre landsmålsdikttrarar, til alles sukk og tilfredsstilling. Slik slutta teseremonien hos Kunstmennesket.²³ Var dette å rekne som tidtrøye for Mimi Falsen? Eller kunne ein tenkje seg at ho ville dele kunnskap og røymsler med sovel Olver som dei unge studinene? Ho var ein aktiv og travel kunstnar. Etter debuten i 1891 deltok ho nesten kvart år på Høstutstillingen fram til 1956. Ho starta Malerinneforbundet 1905 og Bildende Kunstnerinners forbund 1928. Ho måla mest figurbilder og portrett, men også landskap, interiør og blomsterbilder.

²⁰ O I, s. 135.

²¹ Mimi Falsen var syster til fru Huserre, som vi møter i den siste boka om Olver. Fru Huserre var Inga Falsen Gjerdrum, hoffjegermeisterinne, med stor villa på Billingstad i Asker (LR, s. 41). I Store norske leksikon heiter det at Mimi Falsen var norsk målar, født i Bergen. Elev m.a. ved Académie Colarossi i Paris 1887–89, deretter av Puvis de Chavannes 1890–91 og av Richard Bergh og Anders Zorn i Stockholm 1896. (Store norske leksikon - https://snl.no/Mimi_Falsen). I Slettorommet i Holet bibliotek (i Hol) heng eit portrett av Olav Sletto som ung, måla av Mimi Falsen. Måten ho kler og ter seg på er ein indikator Sletto brukar for å vise at ho høyrer til dei moderne kvinnesakskvinnene.

²² O I, s. 142.

²³ O I, s. 142.



Mimi Falsen – sjøportrett 1929
Frå Einar Lundby-samlinga på
Institutt for sjelesorg, Modu
Målaren Mimi Falsen
(Frå Wikipedia)



Mimi Falsen
(foto frå Wikipedia)

Og likevel: Olver lot ikkje til å ta korkje Kunstmennesket eller unge vakre filologar av kvinnekjønnet på alvor, slik han framstiller teselskapet og vertinna. Sjølv var han berre 22 år. Damene kan knapt ha vore mykje yngre enn han, helst eldre, men han bar seg åt som ein venleg og spøkefull bestefar [”gamal mann i ung kropp”] i møte med dei unge kvinnene. Han mora seg over dei. Slik taklar Olver uvante situasjonar og held avstand til sine beundrerinner.

Det skulle bli mange fleire møter med kvinner i Kristiania, men det kjem fyrst i siste bindet av Olver-bøkene, då han kom attende frå København i juni 1909 (sjå s. 53).

TIL KØBENHAVN – MED STRÅLANDE TILRÅDINGAR FRÅ NORGE

Etter to-tre veker i Kristiania, sto København for tur. Vilhelm Krag hadde, som nemnt, mange gode vener i København, og han sender med brev til eit par av dei, Sven Lange (1868-1930), avisa Politikens leiande litteratur- og teaterkritikar, og Helge Rode (1870-1937), forfattarar, som med foredraget ”Det sjælelige gjenembrud” kom til å få stor innflytelse i dansk kulturliv. Han vart kalla luftånden Rode og var ofte, skriv han, djupt inne i mystikernes og yogiernes Paradis.²⁴ Heri kunne ein tenkje seg at det låg ein rik klangbotn for samtalene mellom han og Olver.

²⁴ Uttrykket mystikk handlar om syn og segn som er knytt til ynskje om å nå inn til røymsler - eller faktiske røymsler av guddommeleg karakter.

Tilrådsbrevet kom til å få stor betydning for Olvers studieopphald i København. No kunne den tradisjonsbundne fjellguten og bokdebutanten fara mot sør med strålende referansar.

BYKVINNENE - KVINNEBYEN KØBENHAVN

Etter å ha konstaterat at by er by, same kva, var fyrsteintrykket av byen København likevel at det kanskje var ein serting ved denne byen: "I gate-yrja var største halvparten gåande kvinner, byen tøttest vera ein kvinneby. Kanskje kvinnone her nede likna bjørki og tynte nåleskogen ut ... det er utlagt mannfolki".²⁵ Vi møter nokre av bjørkene nedanfor, men minner berre kort om at der Olver kom frå, var den sosiale orden slik at kvinnene hadde å halde seg inna utgarden, heime. Menn tok seg av det utanfor den vesle verda.²⁶ Her i byen spradar kvinnene rundt i gatene som vore dei jamstelte med menn. Dei strøymde til byen og dei nye industriarbeidsplassane, og truga kanskje balansen i verda? Det er noko Olver får sanne under sitt opphald i København, og han veit ironisere over det.

Olver tok inn på Grundtvigs Hus. I naborommet budde Henrichsson. Olver oppfatta han som "spæjar", nærast som spion. Mannen var svensk sosialist, forfattar og journalist. Olver blir godt kjent med denne mannen, som skreiv bøker med sterkt erotisk innhald, og som han portretterer på framragande vis, med snert og brodd mot all sosialisme og sosialistar. Begge gjorde seg kjent i byens kulturinstitusjonar som Dagmarteateret, Det kongelige teater, Thorvaldsens Museum med sine mange vakre statuer og Nasjonalbiblioteket, der Olver fekk sin daglege gange.

Han utforska også restaurantlivet med besøk på byens finaste av slaget, og då han såg undersøkjande nedetter borda, øygde han "forkunn mat og forkunn vin, unge vene kvinner utkleddes som prinsessor. Mange av dei sat i vern av feite velkjemba uksar av menn. [...] Her måtte ha gått for seg kvit slavehandel! Her uppe i pengehøgden måtte det visst vera vanleg med kjøp og ran av kvinner i venaste blomen. Men som kvinnone smilte, stråla, lo! [...] det verste var vel at dei hadde selde seg med vilje!"²⁷ Litt av eit syn for fjellguten som sat sessa med ein liten kopp kaffe og ei turr småkake, og som likevel fekk nyte same høviske oppvarning som dei rike. Servitørane var til fingerspissane profesjonelle! Ei framand verd som Olver tek nærare i augnesyn, og her vart studieobjektet eit svenskepar ved grannebordet. Olver, han ikkje berre ser, han dømer tillike kvinnene – og mennene, men med glimt i auga.

Olvers karakterstudie av det svenske forretningsparet [han døypte dei "fyrsten og Kleopatra"], som trer inn i luksusrestauranten, tek sete ved grannebordet og nyt det dyraste på menyen av både mat og drikke, er kosteleg – og Olver,

http://denstoredanske.dk/Dansk_litteraturshistorie/Dansk_litteraturshistorie_3/Luft%C3%A5nden_-_Helge_Rode).

²⁵ O II, s. 6. Bybildet avspeglar dei demografiske forholda etter tiår med utvandring av unge menn til Amerika, og unge kvinners vandring frå land til by, der det var arbeid å finne i den nye industrien o.a. Det at kvinner var ute på gatene og besøkte byens kafear, var ellers eit typisk trekk, eit teikn på frigjerings- og likestilling mellom kvinne og mann i det moderne samfunnet, der byane var i front.

²⁶ Eva Almhjell: "Tidlig krøkes den som god krok skal bli...", hovedoppgave i sosiologi ved UiO 1980.

²⁷ O II s. 55.

fjellspurven i tranedansen, "kunde ikkje for det, men han sat i eislag forundra godlune" under heile det feierlege [festlege] måltidet.²⁸ Sovel Kleopatra som dei andre kvinnene i den store salen, bar kjolar med djupe utringingar og bare armar. Olver kunne styre si begeistring, kjolane ville, tenkte han, høvd best på ei Thorvaldsen-statue. Og "tosk som han var", blygdest han over blikka dei fine kvinnene og mennene veksla - i all offentlegheit.

Her renn det meg i minnet eit par liner frå eit brev Olav Sletto sende kona Karin då han i 1915 var på Geilo og heldt foredrag. Han budde på luksushotellet, Dr. Holms hotell, og karakteriserer kvinnene sine rober slik: "[...] kom so inn i matsalen. Det var slik toalette-kapping millom damene, at det var reint eit syn. Dei gjekk i fulle, lette selskapdragter – balklæde [...] Forresten var dei stygge alle saman."²⁹

Olver lika ikkje urbane pyntedokker som kler og ter seg "usømeleg"! Og her går han langt i å karakterisere desse kvinnene som halvt prostituerte – innanfor ekteskapets rammer, kanskje? - utan å kjenne dei. Fordomsfullt, men moro for den som sit med ein ironisk penn, som kanskje dekkjer over ei mindremannskjensle hjå kaffedrikkaren, tenkjer eg frå åskodarposisjon, det var vel slik han rådde med makta. Vi, og han, veit jo også at det å handle for å sikre ætt og eige heller ikkje var noko ukjent fenomen i den norske bondestanden. Giftarmål som virkemiddel ikkje unnatt – i alle fall om jenta kom frå ein stor gard. Dessutan er Kleopatra-scena eit tydeleg bilde på bymenneske som lever overflatiske liv, og slikt likar ikkje mediet Olver.

I lengda vart det for dyrt for Olver å bu i Grundtvigs Hus. Han måtte ut på leiemarknaden og merka seg ei annonse på ei adresse nær Rådhusplassen. Der budde kolhandlar Poulsen med frue, og der fekk han bu gratis hjå barnlause folk som viste seg å vera store Norges-vener, som ein son i huset. Om rommet sitt skriv han at "Det var rett å kalle dette stugu". Beintfram ei stasstugu, var det, rikt og tungt innreidd, med prismekrone, digert skrivebord, stor seng i mahogny, flott nattbordslampe, djupt teppe på heile golvet.³⁰ Seinare blir vi kjent med syster til fru Poulsen, som var ein del av familien. Dei visste ikkje det beste dei skulle gjera for unge Olver, elska ha han i heimen sin og skjemde han burt etter notar. Desse "hjartegode, barnslege og snille menneska" blir vakkert portrettert, utan påtrengande ironi, men med ein viss ungdommeleg arroganse. Om dei var aldri så rike, Norgesvener som få, dei rakk knapt Olver til knea. Begrepet "barnslege" nyttar han i fleire møte med kvinner.

Frøken Poulsen – Norgesven og folkehøgskoleveteran

Så viser det seg at frøken Poulsen, fru Poulsens syster,³¹ var ei dame som hadde vore mykje i Norge, der ho også hadde gode vener, mellom dei "den kjære Hulda Garborg" – og Arne. Poulsens hadde vore på Aulestad og helst på, og dei var vel kjende med folkehøgskolemannen Christoffer Bruun. Lars Eskeland, styrararen på Voss Folkehøgskule og Olav Slettos tidlegare lærar,

²⁸ København var i 1908 sterkt prega av ei boligkrise med overproduksjon av boligar i åra før 1908, noko som på ei side ga grunnlag for spekulasjon, og på hi sida førde til stor arbeidsløysa blant handverkarar. Byen var også inne i ei tung bankkrise. (Wikiwand).

²⁹ Olav Sletto i brev til Karin datert 11.2.1915.

³⁰ O II, s. 74.

³¹ Fru Poulsen gifta seg Poulsen, men jentenamnet hennar var tilfeldigvis også Poulsen. Fru og frøken Poulsen er tvillingsyster.

var likevel den som hadde betydd mest for frøken Poulsen. Og ho hadde grundig kunnskap om det ho tala om. Ho hadde gitt litteraturundervisning for ungdom i over førti år og heldt det litterære livet *utanfor* København for det viktigaste. Difor var det naudsynt å følgje med på det som skjedde i folkehøgskolane i Danmark. I København lei det litterære livet av drivhusdikting – den åndelege lufta var ei ufrisk drivhusluft. Københavneriet kalla ho det. Og i denne lufta plasserte ho både Sven Lange og Helge Rode.³² Olver merkar seg utsegna og kunne bruke den til støtte for egne røynsler og tankar i møta med kultureliten i København.

Høver Lønnings analyse på relasjonen Olver – Poulsens? Var Olver tidtrøyte for desse hjartegode menneska, og for sers kompetente lærarkrefter innan folkehøgskole-systemet i Danmark? Er ikkje det ein vel rask konklusjon, kan ein spørja. Og kan det ikkje like godt vera at Olver hadde største føremunen av denne relasjonen? Han som fekk gratis kost og losji i vekesvis, og som vart tatt opp som ein son i familien?

Det Kongelege Bibliotek var til å glåpe [måpe] over, for ein fjellgut. "Arbeidssalen i eit bibliotek, det er lesehallen. Det er der åndene møtest". Og Olver såg utover ein hall med rikeleg høgd opp til taket, "vidt, veldig eileis [på eit vis], samanhengjande rekkjor av bord med grønne lampeskjermar" [...], der stille folk [...] "sat bøygde seg religiøst over bokhaugar eller skinande kvitt papir. Mange hadde penn i hand som sverd og verje. Ei heilag forsamling kjende han."³³ Her vanka den tids kjendisar i fleng: Johannes V. Jensen (1873-1950), ein av hovudfigurane i dansk åndsliv gjennom tidene og den forfattar som har hatt størst innflytelse på 1900-talet, Nobelsprisvinnar 1944,³⁴ Christian Rimestad (1878-1943), forfattar, kritikar, ein kjennar av fransk litteratur,³⁵ Vilhelm Andersen (1864-1953), professor i dansk litteraturhistorie, og mange fleire.³⁶ Dei fleste hadde lange lese håret av seg, bemerkar Olver lakonisk frå åskodarplass. Han syns dei likna gamle seidmenn som "øvde seid, alle desse domsmenn i kunst, dikting og teater [...]".³⁷ Slik får han fram at han hadde eit heller distansert forhold til academia.

Olver er ein skarp observatør, som med ironisk distanse skildrar, ikkje berre det han ser, men også det prismet han ser gjennom. Olav Sletto yndar å framstille Olver som naiv fjellgut i byverda og skriv Olverbøkene i ei lune av overskot og humor, seier Lars Reinton.³⁸ Kan hende ville ein i moderne psykologi meine at Olvers lune – hans ironi og hang til å more seg over eliten - dekkar over ikkje så lite aggressivitet? At han grunna sitt opphav dølgjer ei djup mindremannskjensle? Korleis han enn har meint det, Københavns rike kulturkvinner svermar rundt han.

Kunne det tilmed vera at Olver med sin venleik og mjuke maskulinitet var aldri så lite i slekt med den populære skodespelaren Johannes Poulsen,

³² O II, s. 184-186.

³³ O II, s. 78.

³⁴ http://denstoredanske.dk/Gyldendals_Teaterleksikon/Dansk_1840-1950/Johannes_Poulsen

³⁵ "med underlippe som var satirisk", O II, s. 79.

³⁶ http://denstoredanske.dk/Dansk_Biografisk_Leksikon/Kunst_og_kultur/Litteratur/

³⁷ O II, s. 79-80.

³⁸ LR, s. 114.

som Sletto kallar "denne leikne Narcissus-drengen"? Olver opplevde han på Det kongelige teater og øste seg voldsomt opp over han? Kvifor gjorde han det?

Kvinnekamp i Det kongelige teater

Olver boltra seg i det urbane kulturlivet i København, vart påspandert av dei rike og såg Johannes Poulsen [1881-1938] for fyrste gong i hovudrolla i eit lystspel frå bohemmiljøet. I dansk teaterleksikon heiter det om denne skodespelaren at "[...] Poulsons talent var af en frodigere karakter end broderens, og han opbyggede sine roller, og senere også iscenesættelser, med visualitet, musikalsk kropslighed og teatralisk tæft, der gjorde ham enestående i dansk teater". Poulson vart lyfta til dei heilt store høgdena, især av damene, i dei skandinaviske hovudstadene. Men for Olver vart den unge Johannes det reine vonbrotet. "[...] Olver var galen til vanvyrndnad på Kjøpenhamnar-damone [...] som hylla denne leikne Narcissus-drengen som hadde han ytt stor skodespelarkunst".³⁹

Nei, Olver skjønna seg ikkje på dansk humor, og slett ikkje på dei moderne bydamenes humor. Dessutan var eit lystspel frå bohemmiljøet,⁴⁰ etter det eg forstår, ikkje akkurat det Olver sette høgast som åndeleg føde. Det utsvevande bohemplivet var ei livsform som hørde det moderne til, og det moderne var ikkje noko for bonden Olver.

Men svenske Henrichsson frå Grundtvigs Hus, som også hadde sett stykket, såg det slik: Poulsen avslørte "mannfolks-veikskap" i heile rolla si. Og dermed jubla damene, mens mennene såg ut som dei skjemdes, blygdest. Det var fire kvinneroller i stykket. Desse fire avkledde meisterleg dulde sider ved kvinnekarakteren. Då var damene stille, mens mennene bråka verre. Det var, meinte Henrichsson, ein umedveten kamp i teateret – mellom mann og kvinne. "Og det er det som gjer slik rivande lukke, det er det at mannen tapar i stykket, kvinnfolk gjer smått om senn mannen til dobbeltnull og inkjevetta. Nedi salen sit kjøpenhamnarinna frå i dag og er med på det, [...] og hyllar offeret som dei plundrar til beinet. [...] Damene har bruk for Poulsen no, og gjer han til geni".⁴¹ For den som er ute etter kvinneperspektivet i Olver-bøkene, viser denne hendinga at likestillings- og kvinnekampen er tydeleg i samtidas København, men Olver ville ikkje vera med på dette. Hans merksemd var vendt mot seg sjølv og eigen åndelege vekst. Dette kjenneteiknar også møta med kvinnene i den danske kultureliten i København, slik eg ser det.

Fru Edith (1879-1956)

Hjå Hr. Helge (Helge Rode) møter Olver fru Edith. Paret hadde treft kvarandre i Italia, der Rode budde i tiåret omkring 1900. Ho var på bryllupsreise med sin fyrste mann, men vart stormande forelska i Helge Rode, skilde seg og gifta seg med han i1904.

³⁹ O II, s. 82. Narcissus (frå gresk mytologi) er kjent for sin store venleik, og at han vart så forelska i sitt eige spegelbiletet i vassyta at han ikkje klarte forlate det, og utan å skjønne at det var seg sjølv han såg.

⁴⁰ Begrepet bohem oppstår i det 19. hundreåret for å beskrive ein utradisjonell livsstil som kjenneteiknar marginaliserte grupper av fattige kunstnarar, forfattarar, blodfykar, musikarar og skodespelarar i store europeiske byar. <https://en.wikipedia.org/wiki/Bohemianism> . Hans Jæger og kunstnarkrinsen rundt han var det mest kjente bohemmiljøet i Kristianina på slutten av 1800-talet.

⁴¹ O II, s. 86-87.

Edith, født Nebelong, var forfatter og sju år eldre enn Olver. Olver beskriv Edith Rode som "vakker, rask og gløgg. Framum alt ryddig og klår i ordi, skjemtal, oppøvd i åndfulle innkast, kvinneleg slagfus. Snakke – det var ein lek for henne". Om Hr. Helge heiter det at han "var stillare, hadde eit fortenkt drag over augo. Det han sa var fint og klokt, men hadde mindre fart og brodd".⁴³ Kvelden endar med at Olver blir invitert tilbake ein dag professor Rimestad kjem for å lesa frå boka han nett no arbeider med. Rimestad er ekspert på fransk litteratur, og Edith meiner Olver må fordjupe seg i fransk litteratur for å koma vidare i studiene sine.



Fru Edith Rode



Helge Rode

⁴² Edith Rode vaks opp som eldst av tre døtre i ein velsituert borgarleg heim i København. Far hennar var professor og hoffmedicus, og døtrene i familien er skildra i erindringsboka *De tre smaa Piger* (1943). Ho fekk langt større moglegheiter til fri livsutfalding enn andre kvinner i hennar samtid. Med debutromanane *Misse Wichmann* og *Maja Engell* (begge 1901) sjokkerte ho borgerskapet med si frie framstilling av kvinners erotiske behov. *Tilfredse Hjerter* (1905) heiter romanen om kjærleiksvalet. Den følgjer forfatterens eigen historie ganske tett. Edith og Helge Rode levde ellers av å skrive journalistiske reisebrev og noveller.

(http://denstoredanske.dk/Kunst_og_kultur/Litteratur/Dansk_litteratur/1914-40/Edith_Rode)

⁴³ O II, s. 94.

Ut frå Olvers programerklæringar om kva han *ikkje* ville skrive om, nemleg det erotiske, kom kan hende fru Ediths livsform, kjærleiksval og forfattarskap til å bli ei utfordring for han?

”Damerøra” på Askov

Ved eit seinare møte, eit kveldsmåltid, hjå hr. Helge og fru Edith, kjem temaet kvinner på tale. Olver hadde vitja fleire folkehøgskolar, mellom dei Askov. Han hadde vore på det fru Edith kalla ei dårskapsreise. Dei hadde sakna han i København, lét ho på! Fru Edith ville vita kva Olver hadde funne i ”højskolepigene” der han vanka. Olver ville heller snakke om åndslivet ved folkehøgskolane, men då fekk han svar på tiltale (han spela kortet sitt gale, skriv han)! Fru Edith hogg laus på Olver: ”Skulde ikkje folkehøjskolepigene høyre med til åndslivet? [...] Skulde ikkje den fine [...] drøymande [...] kjærlege danske kvinne høyre med til åndslivet? Var det ikkje kvinna som var åndslivet? Var ikkje kvinna det sannaste namn me hadde på åndeleg oppleving?”⁴⁴

Olver kom i knipe, men redda seg innatt ved å skildre samspelet mellom gitar og jenter på folkehøgskolane han hadde vitja. Der, fortalte han, var samspelet mellom jenter og gitar som mellom jamstelte: “[...] gitar og jentor tala rett mykje med kvarandre. Gjekk jamsides og prata. [...] høyrde liksom til sjølve skuledaningi, gitar og jentor skulle lære kvarandre. [...] Halvreligiøse ting skydde dei ikkje, tvert um. Filosofiske småflokke søkte dei beintfram. Og Olver stod tenkte at højskolepiene var nok meir i grunnsynet til Grundtvig, enn gutane var det. [...] *Men rarast var desse højskolepiene [...] og byrgast var dei, når dei tala um kjærleiken!* [...] *Desse atten-nittenåringane var djerne langt over skikk og bruk, for dei stod klare som lys og sa at dei ville gifte seg. Ja, det sa dei: det var meiningi det. Når ei fann den rette! ... då gifta dei seg. Då bygde dei ein heim. Et hjæm, sa dei. Fekk ordet til å lyde som ein vakker salme! Hjemmet var kone, mann, barn ... sa dei. ... hjemmet var det rosenbånd som store og små omslynger, sa dei.*” [EAs kursivering]. Olver kom meir og meir til det at Danmark åtte ein veldig kraftsum i desse højskolepiene!⁴⁵

Dette var jenter som fornya seg – innan rammene av tradisjonane! Som bramfritt held fram familien og heimen – med den tradisjonelle kjønnsbaserte arbeidsdelinga - som den rette staden å vera når ein fann den rette! Det var dette Sletto forsto som jamstelling. Motsatsen til desse åndeleg friske (bonde)ungdomane på folkehøgskolane var det Olver kalla ”litteraturungdomen” i hovudstaden. ”Som venteleg var levde denne ungdomen eit kaféliv. Kvar var meir eller mindre heimlaus. Olver fann ingen mellom dei som var tolmogig trygg i seg sjølv. Det lura innast inne noko misnøgd og trøyt i alle ...”⁴⁶

⁴⁴ O III, s. 61.

⁴⁵ O III, s. 63-64.

⁴⁶ O III, s. 65.

"[...] etter dette smilte fru Edith heller stillsamt, ho sa at Olver var ingen naturens muntre søn. Som ho trudde i fjor. Han var reint oppfriskande mykje av ein deivel, sa ho."⁴⁷ Olver var klar i si tale: Han, bonden og fjellguten, kjende seg heime blant bondejentene i folkehøgskolemiljøet. Dei hadde same jordbundne og familieorienterte verdigrunnlaget som han sjølv. Utan å si det direkte, fekk han samstundes plassert dei moderne bykvinnene som motsatsen til det jordnære og trufaste innan rammene av ekteskapet. Og han hadde også fått sett seg i respekt hjå fru Edith – og mannen – tenkte han, kanskje.

Eit par kveldar seinare svinga Olver ubedt innom Rodes. Berre fru Edith var heime. Mannen hennar var på kafé. Ho fekk ikkje vera med og lika det heller dårleg. Kvelden vart skjellsettande for Olver. Han kom til å forstå fru Edith på ein djupare måte etter denne kvelden - aleine med henne.

"De er ein rar gut, De, Olver, sa ho ... De er so snill og tolmodig, men De er snill med vilje. ... Er De pratsam, då er det óg med vilje ... brått tegjer De og lyder ... og tvingar andre til å ta ordet. Helge har lagt merke til det same. ... *Han segjer at De er ung berre når De hugsar på at De vil vera ung, heldt ho fram ... Inst inne ber De ein eldre mann. Som har levd mange gonger Dykkar eigen levetid.* [EAs kursivering. Her blir det spela på reinkarnasjon] ... difor er De lett å samtale med. ... Veit De det, Olver, at De lyder med augo!

- Lån meg ein spegil ... skal eg svara straks um eg veit det!
- Nei, nei, Olver! ... no fær De ikkje narre meg! Eg kan vera ålvorleg når eg vil. ... Seg meg ærleg: veit De at De har makt? ... Eg meiner, makt over andre.
- No klarer eg ikkje forstå ... fru Edith.
- De har fått makt over Helge! Det er Dykkar skuld, segjer han, at han no har teke uppatt studiet av Tolstoy. For ålvor.
- Dette må vera mistyding, mumra Olver.
- Og eg for min del, sa ho ... De vann å få makt over meg. På ein måte. *Eg fekk hug til å vera lite grand av mor for Dykk ... alt fyrste gong eg såg Dykk ... Eg fekk lyst til å gje Dykk noko som Helge ikkje kan gje. For eg såg noko som han ikkje såg. Eg høyrde noko som han ikkje høyrde: De hadde gått og tenkt einsam altfor lenge.*"⁴⁸ (EAs kursivering og understreking – Olver utløyser morskjensler hjå kvinnene).

Fru Edith heldt fram: "De var ikkje rask nok i ordi, ikkje moderne rask. De var ikkje rapp nok i logikken, ikkje slagfus nok. Ikkje overflatisk nok, ikkje fransk nok. De måtte koma i hard skule og drivast til å øve, det måtte De. Og der tok eg fat. ... Han hadde gjort framsteg, totte ho, han hadde lært i den skulen han gjekk!"⁴⁹

Endeleg hadde det gått opp for Olver at møtet med fru Edith var like viktig som møtet med hr. Helge. Møtet med henne var kanskje like naudsynt for han og hans åndelege vekst som møtet med den og hin av dei andre, kom han på. Han skriv:

"Eit verkeleg møte ... menneske med menneske ... var aldri heilt tilfeldig. Olver hadde visst det lenge, men no skjønnte han det. Og han skjønnte ein annan ting:

⁴⁷ O III, s. 68.

⁴⁸ O IV, s. 56-57.

⁴⁹ O IV, s. 57.

skulde påhelsing bli til eit verkeleg møte, måtte det koma i psykologisk rett tid. ... Hadde han møtt fru Edith for tidleg, ville ho ha skræmt han ... han ville berre ha kjent henne som plagsam og halde seg mest mogleg borte frå huset. No kom møtet med henne i rett tid, ... ho leidde han til skulegang utan at han skjønna det.”⁵⁰

Olver forsto at no var den rette psykologiske tid. Det skuldast, meinte han, at han hadde fordjupa seg i psykologen William James og hans gransking av religionslivet.⁵¹

Olver har lete denne lesaren få inntrykk av at kvinnene i den moderne byverda ikkje var for sanne åndsmenneske å rekne. For han var dei meir som barn. Den sju år eldre og atskillig meir livserfarne forfattaren, fru Edith, tvingar han på sin måte til å sjå henne – den moderne bykvinna - som eit åndsmenneske, eit likeverdig medmenneske. Det sat, tykkjest det meg, langt inne hjå Olver! Frå fyrste møtet var nok erotikk i lufta mellom desse to, dei var litt forelska i kvarandre, og hr. Helge var den som såg det klarast. Men det var høgt under taket i Rodeheimen. Dei tre heldt ein varm og småertande tone og skildest som gode vener.⁵² Olver, som tok heilt avstand frå modernismen, nyt godt av ei erotisk rausheit og stor gjestfridom som kjenneteiknar denne delen av det moderne. Om Olver var tidtrøyte for fru Edith, må ein ha lov å lure på. Kan hende tok Lønning vel hardt i når han slo fast at for dei moderne overklassekvinnene var fjellguten Olver berre tidtrøyte?

Den gode kontakten han oppnådde med fru Edith, skreiv seg kan hende også frå hennar ord om at ”ho fekk hug til å vera lite grand av mor” for han, noko som opna for djupare samtale? Mitt inntrykk er at Olver, slik Sletto skildrar han, utløyste denne reaksjonen hjå fleirtalet av kvinnene han møtte. Eller at det var dei han apellerte til på denne måten, han festa seg ved? Han, med sitt store sagn etter mor, sin sterke morslengt, hadde moglegvis ei erotisk utstråling som sensitive kvinner fanga opp eller beint ut sagt tente på?⁵³

I så fall kan det ha bydd på spenningar for den dydige Olver å forhalde seg til kvinneleg attrå? Det passa seg ikkje for den åndsvekstsøkjande bonden Olver å følgje erotiske interesser heilt ut, kan ein tru?

Olver hadde også med brev frå Vilhelm Krag til Sven Lange (1868-1930), dansk forfattar, litteratur- og teatermeldar.⁵⁴

⁵⁰ O IV, s. 58.

⁵¹ W. James, filosof og psykolog, er rekna som grunnleggaren av amerikansk psykologi. Han var spesielt opptatt av det religiøse, det åndelege som drivkraft i menneskets utvikling. Her skilde han seg sterkt frå Sigmund Freud, som forsto mennesket som styrt av drifter. Olav Sletto studerte Freud og gjorde seg nytte av draumetydinga hans, men kjende seg aldri heime i denne måten å forstå mennesket på.

⁵² O IV, s. 208.

⁵³ ”Eg har heile mitt liv lengta etter ei kvinna – etter ei mor. Men i sagnaden livde eg mitt eige liv – fjernt fraa alle dei andre. Dei ana ikkje mitt væsen – ingen! (datert brev til Karin Bryde, som i juli 1911 vart kona hans).

”Og eg kjenner noko som stryk meg yver haaret so underlegt, og let augo djupt att, og tenkjer: *No kjem endeleg mor* (kursivering EA). Men daa eg straks etter ser Dykk, daa syng det gjennom dyperne i meg: Ditt liv under hennar merke!” (brev til Karin frå Hol, datert 18.2.1911).

⁵⁴ Han var tilsett ved Politiken 1904-1930 som leiande kritiker, var ofte arrogant i sine meldingar og i vurderingane av teater, og meinte at skodespelkunsten øydela poesien. Han skreiv sjølv ein del skodespel som vart oppført med stor suksess, bl.a. *Samson og Dalila* på Det Kongelige Teater 1925 og *En Dag paa Hirschholm Slot* på Det Kongelige Teater 1926.

Under sitt fyrste besøk hjå Sven Lange fekk Olver i oppdrag å analysere eit portrett av ein person han ikkje visste kven var. Olver studerte personens ansikt og stogga ved augo, der han såg den skire galskap. Personen viste seg å vera den franske poeten Charles Pierre Baudelaire (1821-1867).



Han hadde stor innverknad på ein heil generasjon diktarar på 1800-talet. Han kroppsleggjorde urban dekadense med utsvevande erotisk liv (og sterke morsbindingar). Truleg leid han av sinnsjukdom, ein ikkje ukjent konsekvens av kjønnsjukdomane gonoré og syfilis.⁵⁵ Baudelaire "slarva seg ned i uvyrdeleg levnad", det var saka! I forfattarens livsstil fann Olver dertil alt han hata ved bylivet: Det usømelege, det trulause, det skitne og usanne.

For ei miljøskildring, for ei "stemning"! Kva var det å hente av åndeleg vekst i dei urbane miljøskildringane? I sosialrealismen? Hr. Sven var nøgd med Olvers Baudelaire-prøve: "den greidde De som eg ynskte at De måtte gjera det, ... De reagera som ein helsug mann."⁵⁶ Olav Sletto gjekk i all si diktargjærning imot modernismen og åtvvara mot den.⁵⁷ For han vart Baudelaire det tydelegaste eksemplet på at modernismen førde på åndeleg villspor og enda i verste fall i galskap – for både menn og kvinner.

Olver "fortryllede piene" på Askov Højskole

Som vi har sett ovanfor, fortalde Olver fru Edith om møtet med "højskolepiene" på Askov, men nemner ikkje at han vart bedt om å slutte ved skolen etter kort tid. Sletto kjem ikkje vidare inn på dette i "sjølvbiografien" heller. Men han skriv om eit sers interessant møte Olver hadde med ein svenskaristokratisk student, som kanskje kan illustrere kva "hypnotisere" tyder? Ho hata nordmennene, let ho på, og kjende seg krenkt av unionsbrotet i 1905. No ville ho ha svar på kva grunnen var til dette brotet, og forlanga at Olver skulle gjera greie for det. "Ho hadde ordet i si makt, og ho var av dei som visste noko i politikk.

⁵⁵ <https://www.google.com/search?q=dansk+litteraturleksikon&ie=utf-8&oe=utf-8#q=charles+baudelaire>

⁵⁶ O III, s. 83.

⁵⁷ I eit intervju i Hallingdølen 18.11.1954, ymtar intervjuaren, Oddvar Stølen, fram på om at unge diktarar søkjer noko nytt i modernismen, og at ein er på veg til den verkelege sanninga i dette. Han lurar på om ikkje dette er den einaste måten å finne noko heilt nytt på? Nei, svarar Sletto, det eksisterer ikkje noko slikt heilt nytt! ... Det brukar å ende som sinnsjukdom (attegitt i Olav Slettoselskapets Årshefte 2015, s. 17-23).

Olver kjende seg no som alltid utanfor politikk og aviskunnskap. ... men han leit på at han tenkte forstast og mest kaldt, og gjenka pratet over på ... Strindberg. ... Det var eit heppe [lurt] innskot. Gjenta var Strindberg-entusiast, ... ho gløynde unionsbrotet for berre Strindbergforkynning. Og no kom det slag i slag: Ho var teoretisk sosialist. Ein slik kvinneleg sosialist med diamantring på fingeren og rik far i Sør-Sverige. ... Som ventande kunde vera, ho var forfærdande revolusjonær! Ho vilde ha revolusjon i all ting frå staten til ekteskapet!"⁵⁸



Askovstudent Olav Sletto 1908 nr. 2 f.v.

Han kan få sagt det! Fjernare frå sosialistisk praksis kjem ein knapt, og noko verre enn sosialisme kan Olver knapt tenkje seg! Så gjere han seg dum. Olver var jo, må vita, berre bonde. Han held fram med å avleie pratet frå den revolusjonære gong etter gong. Og til sist gløynde ho heile unionsbrotet, for no var det Gustav Frøding som var temaet: "Maken til levande førelesar i litteratur hadde Olver aldri råka på! Heller aldri funne ein læremeister so vakker!" Det enda med at ho slo armene rundt Olver – "for broderlanda si skuld ... men berre som ein vakker seremoni!"⁵⁹

Forfatterkollega Sven Moren, som var i København samstundes med Sletto, meinte at Olver gjorde noko med kvinnene, at han hypnotiserte dei. Same ord brukar Askov-styrar Jacob Appel.⁶⁰ Ikkje rart det blir moro med kvinner. Dei er jo så lette å avleie - for ein luring som Olver, som kan kunsten å more seg over – og med - borgarskapets overflatiske fruer og døtre.

Som vi har høyr, blir Olver "oppsagt" frå Askov.⁶¹ Kan dette vera Olvers tolking av "damerøra" ved Askov, som altså enda med at han vart bedt om å slutte grunna upassande åfærd overfor damene? Og kven var det som her var tidtrøyte for kven? Det morosame er at Olver forsvara seg med at han berre gjorde det som var vanleg der han kom frå! Han tala mot betre vitande, fjellguten! Sanninga var tvertom.⁶² Bygda var kjønnssegregert. Det var mest i det dulde ungdomane fann kvarandre. Fysisk omgang i fullt dagslys var uhøyr! Og dessutan:

⁵⁸ O III, s. 12-13.

⁵⁹ O III, s. 13.

⁶⁰ LR, s. 46.

⁶¹ Det var forstandaren, Jacob Appel, som ba Sletto om å slutte ved Askov Højskole. "Grunden var hans forhold til de unge piger, som han rent ut hypnotiserte og kyssete," skriv han til Olav Langeland ved Buskerud Folkehøgskole. Sitert frå Arild Mikkelsen: "Folkelig og frilynt. Buskerud folkehøgskole Heimtun 100 år", 2009, s. 63.

⁶² LR og SSR: Folk og fortid i Hol, band II, s. 487.

Kva kan vel han for at damene ikkje kunne la han vera i fred og fann på alle slags krumspring for å koma nær han?

I Olver-bøkene er omtala av samveret med menn kvalitativt annleis enn omtala av samveret med kvinner, slik eg har prøvd vise, om kvinnene er aldri så rike, aldri så kunnige. Slik eg les bøkene, meiner Olver at han er ein attraktiv samtalepartnar i møte med høgintellektuelle menn. Han ser på seg sjølv som likestilt i desse relasjonane, ja, tilmed meir enn det, for han får dei til å vise dulde sider ved seg sjølve, si eiga einsemd. Dei blir sårbare i møtet med bonden frå Hol. Han har på eit vis, kan det virke som, ei djupare forståing av det åndelege enn sine samtalepartar. Dei sit fast i det moderne, mens Olver er komen lengere enn dei i åndeleg modning. Slik kildrar han kan hende si eiga sjølvkjensle, og det nye han lærer, styrkar han i si eiga sak. I omgangen med kvinner brukar han av sin mjuke maskuline kapital og spelar på sin venleik, men ut over det heiter det at: "... språke med smågjentone ... den kunsten var ikkje hans største kunst, og det visste han sjølv."⁶³ Men var det så viktig, når alt kom til alt, for den som søker åndeleg vekst? Det kan den lure på, som nærmar seg Olver frå kvinneståstad. Han er i beste fall tvetydig på dette punktet.

Fru Thyde

Vekene går i den danske hovudstaden. Olver styrer ikkje heilt si eiga tid der nede i København. Kvinner stel tida hans og tek kontroll over dagane. Fru Thyde var i all sin velvilje ei av dei. Ho var styrtrik arving til stor forretningsformue, men hadde liten interesse for forretningslivet. Ho var meir opptatt av kunst og kultur. Likevel sørga ho for å gi Olver ei innføring i moderne forretningsdrift saman med mannen sin, og etter ein lærerik dag fekk han også oppleva ei svært sårbar side ved fru Thyde: Ho var ei glimrande operasjonserinne, men kunne ikkje opptre grunna nerver. Ho uroa seg for den planlagte oppsetjinga av Nibelungringen i København: Hadde dei stemmer store nok for Wagner? Var fru Thyde kan hende ikkje så overflatisk som Olver fyrst hadde trudd? Kan det vera at han hadde mistydd? Eller var Olver berre tidtrøyte for henne?

Det neste prosjektet som stal skrivetid frå Olver, var operabesøk. Richard Wagners *Der Ring des Niebelungen* (Niebelungringen) i fire delar (*Das Rheingold*, *Die Walküre*, *Siegfried*, *Götterdämmerung*) var sett opp i full breidde på Københavns teater. Olver var med på heile serien og kjende seg lyfta av dette dramaet på liv og død. Men før siste framsyninga las Olver "*Götterdämmerung*" og ramla rett ned i oska.

Ingenting av det han las, fekk han opp att derifrå, så sviken vart han av det Wagner valde som slutten på eit stort drama. Han skriv: "*Siegfried ... den kåra helten, den gudsende helten! ... han vart brått gjord til kasteball for to kvinner.*"

Just som han *kunde* ha stige mot nye dådsverk og edlaste siger, då fall han flatt ned millom to maktfulle og vene kvinner. Dramaet vart kvinde-elsk, trylledrikk, hat, hemn, dråp. Han [*Siegfried*] måtte falle i fullt ansvar, i fritt val ... so å segje andsynes Odin. Men so hender dette: Wagner lura *Siegfried* med ein trylledrykk, skapte han um på to minutt! Det var då verkeleg for lettvindt! ... Eller hadde kvinnone bedd søte vene um litt meir jordisk-menneskeleg elskhugsliv? Kanskje. Var ikkje utruleg! ... Hadde då Wagner svara ja til det? Tja, ... i alle fall lét han *det store Siegfried-eventyret ende i kaos millom to kvinner*. (EAs kursivering). Båe vilde vera hans – og dermed helvet. [...] "Forresten den heimbranden Wagner stelte til, var Olver sers misnøgd med:

⁶³ O III, s. 29.

Her gjekk under både heilag og vanheilagt, både gudane og svart-olvane. Det gode som det vonde slokna i sams undergang. Hadde striden millom lysmakter og mørkemakter vore fullkomleg meiningslaus! Hadde bae makter like mykje fortent slutten i den fulle undergang! Hadde Wagner sjølve ein løynleg draum i denne lei?⁶⁴



Teaterkvelden hjelpte ikkje Olver noko større, skriv han. Han forsona seg ikkje med Götterdämmerung. ”Diverre skulde Wagner-upplevingi hans ende på den måte”, avslutta Olver si travle Wagner-veke i København.⁶⁵

Her er det kvinnene, som med si jordiske attrå, øydelegg mannens strid for det åndeleg høgverdige, riv ned helten. Det er eit slit for den åndfulle mannen å forhalde seg til kåte kvinner! Olver kjende seg kan hende att i dette dilemmaet og vart vonbroten over Wagners tragiske slutt. Han ynskte seg ei levande åndsmakt som var heva over den kroppslege elskhugen mellom mann og kvinne. Han ville ha ein helt som ikkje let seg styre av [elskovssjuka] kvinner. Her er det det åndsstyrte dydsmønsteret i Olver som reagerer, i alle fall sett frå lesarens sekulære ståstad.

Det var fru Thyde som organiserte Wagnerprosjektet som involverte Olver og stal tid frå bokarbeidet hans.

Den rike fabrikkkeigaren utan interesse for business, men med engasjement for det kulturelle, er i grunnen den som høver best i Lønnings analyse av pengesterke kvinner som brukte Olver som tidtrøyte, slik eg les det. Men det synest ikkje som om Olver leid naud av den grunn, og han let seg ikkje forstyrre av ein eventuell ubalanse mellom å gi og ta – heller ikkje i denne relasjonen.

Midt oppe i Wagner-dramaet hadde det uventa kome skriv frå ”ei litteraturlad frue og mannen hennar” i Kristiania. Ho fekk Olver til å le, så fordomsfullt var brevet han mottok. Bodskapen var at ”han måtte skrive sine komande bøker på byriksmål.

⁶⁴ O IV, s. 162-164.

⁶⁵ O IV, s. 164.

So *alle* vilde lesa han! Og bladi vilde skrive um han. ... Ho meinte alt so godt. Ho ynskte ei framtid for Olver, for ho var so moderleg.”⁶⁶

Igjen hadde Olver utløyyst morskjensla hjå ei av dei rike kulturfruene, men det var slett ikkje nok for å få den unge forfattaren til å skifte målform. Han kunne sjølvstakt ikkje det. Målmann var han og målet var han oppvaksen med. Den var ein del av Olvers identitet. Olver arbeidde seg langsamt og med møde fram til eit svar han var nøgd med – og han sto fast på si målform. Og når det gjaldt omsetninga, skriv han: ”Sanninga var at han aldri hadde ofra sal av bøkene sine ein tanke. At han skulde leva av pennen, hadde aldri svive han ... ikkje med det minste pust. Levemåten og skrivning hadde han aldri blanda i hop – totte heller ikkje at det høyrde i hop.”⁶⁷ Diktinga var for Olver eit *kall*, ei indre drivkraft han berre måtte følgje - ikkje eit yrke.

Olver – varm og villig i eigne augo

Korleis vart Olvers kvinnetekke oppfatta av krinsen han vart ein del av i København? I festleg lag ”sveiv han åskodar”, han heldt avstand – og vart misforstått. Slik omtalar han dette: ”Andre ... toskane ... sa han var kald, kvinnor gjer deg kald, sa dei, synleg kald! ... Å, vare deg mann, du veit ikkje kva du talar um! Men, men ... kvinna, ho laut vera slik at han innbilte seg ho openberra litt av gåta, av venleiksgåta. Den innbillingsi måtte han ha, skulde han vermast. ... Og venleiken for Olver var av tre slag: Fyrst dette med ei vakker innbunden bok [...] og so måtte han ha lese boki mange gonger, og då låg ho på bordet og liksom anda mot han fine og høge tankar, vekte han på nytt og på nytt. Det andre var fela som byggverk. Når fela stod uppreist i næraste stol, og fekk syne all sin lentuge herlegdom i linor og form, då gjorde det han glad, uskjøneleg rik. Som tridje og sist kom kvinna, d.v.s. ei kvinne som var etter *hans* ynde ... etter hans mål ... då fann han henne djup og fin som boki på bordet, uskjøneleg i leikande fullkomenskap som fela i stolen. Alltid varm, aldri kald – det var sanningi um Olver!”⁶⁸

Herleg! Her talar den åndelege romantikaren, tenkjer eg. Forfattaren forsyner Olver med maskulin sjølvtilitt frå isse til tå, og den kvinna som får han, har heit elskov i vente! Dette er Olver-sanninga, seier han, men sanninga er også den, slik eg les bøkene, at Olav Sletto ellers får Olver til å framstå som seksuelt umoden og jomfrunalsk dydig. Han er ei slags erotisk luftånd, og strekkjer seg ikkje lenger enn til ein flørt. Slik blir han med si livsform, kan ein tenkje, ein representant for den høge moral og dermed også eit tydeleg alternativ til dei moderne, framfor alt bohemane si sædløyse. Eller – kanskje var det det at han held han seg rein for den store kjærleiken der heime? Som han ikkje skriv om?

Dette vesle innskotet om Olvers erotiske indre liv kjem noko brått på i teksten. Det er så ein lurar på om han under arbeidet med manuset har kome på at Olver har vorte for lite mann, og skundar seg flette inn ”sanninga om den heite Olver” for å rette opp dette feilaktige inntrykket av han?

⁶⁶ O IV, s. 161.

⁶⁷ O IV, s. 169.

⁶⁸ O III s. 33-34.

Kvinneleg venleik hadde Olver sansen for. Dei danske [bonde]jentene på folkehøgskolane er, slik han skildrar dei, grove og sterke, og står med føtene godt planta i jorda. Dei er familiekjære, kjenner sin plass, og implisitt trivst dei med den underordna rollen som den tradisjonelle arbeidsdelinga i bondesamfunnet gir dei. Dette er, som tidlegare nemnt, jenter Olver kan like, og slik skal det gode samfunn organiserast! Men draumekvinna skulle også vera "djup og fin som boki på bordet, uskjøneleg i leikande fullkomenskap som fela". Han fann ingen etter sin ynde korkje i Kristiania eller København, og Minerva-døtrene, som han kalla jentene i academia, dei var jo vene, men på ein nesten usømeleg måte.⁶⁹ Rotlause og overflatiske slit dei kaféstolane. Ikkje etter Olvers smak.

Olver-bøkene er, seier Olav Sletto, eit kunstverk. Og Olver er berre eit medium, eit verktøy for forfattaren, i dette verket. Det er gjennom mediet han vil formidle sin bodskap om det forkastelege ved bylivet og det moderne i kunst- og kulturlivet. For meg ser det slik ut: Forfattaren gir hovudkarakteren sin ein rolle. I denne rollen ligg å vera eit moralsk alternativ, ja, til og med eit åndeleg korrektiv, til det moderne han møter i byane. Olver er den tradisjonsbundne bonden, der folketrua og Bibelen med dei ti bod er grunnleggjande. Det er med denne tekkelege, åndelege ståstaden han lar Olver møte den urbane sædløysa. Og Olver, kan det sjå ut til, utøver rollen sin på ein framifrå måte. Men om han liknar mykje på Olav Sletto, så er ikkje bøkene om Olver historikk.

Eg sit att med inntrykket av ein mann med ringeakt for byborgarskapet, ein som fryktar sosialismen og industrialiseringa, mistrur sosialister og industriarbeidarklassen – og held seg med mykje arroganse [i form av ironisk distanse] overfor kvinner, især dei rike kvinnesakskvinnene. Men fjellguten veit vel å nyttiggjera seg alle dei føremunene det ga han, å vera "kjæledegge" for desse moderne bykvinnene.

Olav Sletto grip attende til det gamle når han ber fram sin bodskap til samtida. Han går til Bibelen, til norrøn mytologi, til antikken og antroposofien, og til det gamle bondesamfunnet. Dette siste romantiserer han ikkje så reint lite og framhevar det trygge og byggjande i såvel familie- som samfunnsstrukturen. Han framhevar Bjørnson og Goethe som ideal, og åtvarar mot Ibsen.⁷⁰

MYKJE EINSEMD OG ÅNDELEGHEIT PÅ AVVEGE I BYEN

I København vart nykomaren Olver, som nemnt, tatt i mot med nyfikne og interesse. Kanskje var fjellguten både eksotisk og spennande for dei urbane kulturfolka? Og høveleg tidtrøyte for overklassekvinner som kjedar seg innan for tronge rammer? Det kunne Olver spela på, men han hadde også ein stillfarande måte å møte litteratane på som fekk dei til å syne dulde sider ved seg.

⁶⁹ Minerva er i romersk mytologi ei jomfrugudinne for poesi, medisin, visdom, handel, veving og magi og den som fann opp musikken.

⁷⁰ Olver har eit klart bilde av kva ei kvinne - hans kvinne - skal vera i heim og samfunn. I brev til overklassejenta Karin Bryde, datert Hol 18. februar 1911, skriv han m.a. "De er ei frigjord kvinna. I denne tid daa gaaverike kvinnor so tidt siglar si hjartans lukka i kav – paa dette lokkande hav som heiter kvinnesak [...]. Naar De les - eller ser - Ibsen, so har De straks den kjensla: No grev digtaren moldi burt kring rottrevlarne i mi sjæl. Han nokjer [rykkjer] alle band som bind og gjer meg ufri. Han tek eit blankt vaapen og kuttar av – tagall, fornæm - - "frigjør" - - gjev større utsyner enn du fyrr hadde, men óg større smerte. So gjeng du einsam burt, bleik av den liding yvermenneskjet kjenner." [...]. Brevet var eit tilsvar til Karin Bryde, som såg Ibsens kvinner som gode modellar. Det fall ikkje i smak hjå Karins framtidige mann!

Olver fekk innsikt i mykje einsemd og åndeleg lengt som det ikkje var rom for i den danske litterære offentlegheit, t.d. hjå Helge Rode og Georg Brandes.⁷¹ Desse store danske åndsmennene, modernitetens faneberarar i Europa, dei var rett ut sagt på åndeleg villspor! Og, etter det eg skjønar, innsåg dei det sjølve, men dei måtte halde fram med å stå i sin eigen modernistiske konstruksjon!⁷² Fjellguten frå Hallingdal var, når alt kom til alt, den einaste som ikkje var åndeleg villfaren der nede i København! Han gir meg som lesar inntrykk av å meistre alle situasjonar han kjem opp i og står fjellstøtt i bondetradisjonen. I møta med dei rotlause og einsame modernistane fekk han tilmed styrka sin eigen åndelege ståstad, og kva retning han skulle halde fram å gå i. Det er lett sjå kva han tek avstand frå, men det han styrde mot forblir meir i det dulde. Kan hende var det av den grunn han også kjende på si eiga einsemd?

Det snik seg inn ei underleg kjensle av at heller ikkje desse høgintellektuelle mennene nådde opp til krava Olav Sletto/Olver sette til det å vera eit sant åndsmenneske. Dei var del av og leia ein trend (københavnriet, som frøken Poulsen kalla det) som ikkje var i samsvar med deira innerste – dei var ikkje sanne! Var det, når alt kom til alt, berre Olver sjølv som besto prøva? Ein kan undre seg. Olver hadde i alle høve sine eigne velgrunna meiningar om forfattarar og deira tekster som var til diskusjon i møta han hadde med dei agelege [frykta] kritikarane, og slik vart han ein samtalepartnar dei ville ha meir av. Møta vart lange, og dei vart mange – med kvar einiskild av dei han møtte. Dei inspirerte både dei eldre og den unge Olver. Brandes rådde Olver til "med all skrivegjerning å lære det som lærast kan på sitt omkverve [område]. For intuisjon er ikkje ein arbeidsmåte, men ei evne, og den evna kan ikkje bli fullt utløyst anna enn med arbeids-visdom".⁷³

Dette rådet merka Olver seg og brukte seinare i si diktargjerning. Det er så ein høyrer Brandes sine ord i eit intervju Sletto ga til Hallingdølen i 1954, då den fyrste Olverboka hadde kome ut. Diktaren må lære sitt handverk! sa han. Det var saka. Les klassikarane, framfor alle Goethe, ikkje les modernistane!⁷⁴

Det går mot vår 1909, og snart kom tida for avskil med København og kvinnene han møtte der. Det var mykje lærdom ta med mot nord. Olver "ana og visste at det nærma seg ei einsam tid for han. For i mange år hadde han vore på vandring mot eigen einsemd."⁷⁵

Om han avdekkja einsemd i Københavns kulturelite, sanna han også si eigen einsemd. I denne sinnstemninga, og med elegant ny dress i reisekista, fanga han inn den stjerneklare natta på sjøen – på veg til Kristiania og Norge. Og fleire møter med kvinner som kom til å få mykje å si for hans unge liv.

⁷¹ Gerog Brandes (1842-1927). Dansk kritiker og litteraturforsker. Etter studier i Italia, Frankrike og England 1870-71 vende Georg Brandes heim, ulmande av nye idéar og opprørstrøng. Hans forelesningsrekke, *Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur*, ved Københavns Universitet hausten 1871 var eit signal til ein livslang kamp for å fornye dansk åndsliv.

⁷² Doktoren er unntaket frå Olvers dom over dei moderne åndsmenneska i København. Doktoren er ein mystisk karakter Olav Sletto har med i Olverbøkene. Han blir sett på som gal, men Olver lyttar til han og finn mykje vetugt hjå mannen. Eg har ikkje Doktoren med her fordi fokuset er på kvinnene.

⁷³ O IV, s. 100.

⁷⁴ Sjå Olav Sletto-selskapets Årshefte 2015, intervju om Olav Slettos litterære syn, s. 12-24.

⁷⁵ O IV, s. 191.

OLVER VEL SKRIVINGA OG TAR FARVEL MED BYEN

I den siste Olver-boka, nr. V, tar Olav Sletto lesaren fleire år fram i tid.

Københavnertida og sommaren på Billingstad/Asker ligg sju-åtte år attende i tid når vi møter Olver igjen. Han tek farvel med kone og barn. Olver har brote ein lovnad om å vera med familien på ferie til den vesle kystbyen [EA: Sandefjord, der kona kom frå]. Bokarbeidet kallar sterkare enn familien – som så ofte før. Kona er vonbroten. Olver sit att i heimen i Asker med "ei underleg trege", men med visse om at han hadde gjort det rette.⁷⁶ Då kvelden kom, fekk Olver besøk av Lønning, ein oppdikta bladfyk han kjente frå Kristiania.

Men som Lønning sit gjest hjå Olver, sveiv det fleire minne fram for Olver frå då han i juni 1909 kom attende til Kristiania. Han hadde, som vi har sett, fått brev frå ei rik litteraturlad frue i Kristiania mens han framleis var i København. Brevskrivaren var fru grosserer Emma. Ho var moderleg omsutsfull, og hadde store planar for han når han kom heim. Planar som ville gjera Olver økonomisk uavhengig, men binde han til faste oppdrag i landets største avis – som litteraturkritikar! Olver påkallar, som vi ser, moderlegheit i stor breidde frå overklassekvinnene, ikkje berre i Danmark, men også her heime. Professor Collin meldte seg dertil på, men tilbod om fri tilgang til universitetsforelesningar, bibiloteke, teater ... Det var berre ein hake ved tilboda: Olver måtte bli i byen. Ikkje tenkje på å reise heim til fjelldalen sin. Han tenkte på korleis han skulle få tid til sitt eige bokarbeid – i byen? Han som mistrivdes med bylivet! Olver utsette begge tilboda til midt i september. Så var den floken løyst inntil vidare. Det er dette Olver kallar *medgangskrise*. Kjenneteiknet var at han ikkje hadde kontrollen sjøl. Den var langt verre enn *motgangskriser*, til dømes det å bli nedtagd i hovudstadspressa. Men Olver valde til slutt skringa – på landet. Sin eigen veg.

⁷⁶ O V, s. 9. Olav og Karin Sletto gifta seg i 1911. I 1912 flytta dei inn i nytt sjølveigd hus, Vesleheimen, på Vollen i Asker.

OLVER - TIDTRØYTE FOR URBANE KVINNESAKSKVINNER - OGSÅ I HEIMLANDET?



Fru Inga Falsen Gjerdrum



Inga Falsen Gjerdrum i Asker heradsstyre 1921

Om Olver tok seg tid til å tenkje over tilboda han fekk frå professor Collin og fru Emma, så var det eitt tilbod fru Emma sa han berre hadde å takke ja til: Han ville nemleg få telefon frå fru Emmas venninne, fru Huserre, i Asker (Inga Falsen Gjerdrum, syster til målararen Mimi Falsen). Ho hadde nyleg vorte enke og inviterte han til å bu i hennar store villa eit par månader – som hennar gjest. Og han skulle få god tid til å skrive. "Han merka tonen: noko fast, noko overklassemyndig". Så Olver takka ja og flytta inn hjå fru Huserre. Fru Falsen Gjerdrum var ei høgt profilert dame i si samtid. Ho var av godt folk [Christian Magnus Falsen – grunnlovens far], samfunnsengasjert og handlingsdyktig. Det fornemme huset vart kalla *Kvindehuset*.⁷⁷ "Berre kvinder heldt til der dei siste åri. Det var det".⁷⁸ Med venleg ironi skildrar Olver tida i Kvindehuset. Som gjeste vart han virvla meir og meir inn i det livet som husets bebuarar, vener og gjester levde. Han vart, slik han sjølv framstiller det, ein vakker kjæledegge for velståande kvinnesakskvinner, eller tidtrøyte for kvinner som kjeda seg i all sin rikdom, etter Lønnings oppsummering [sjå s. 28]. Det ga status å ha den pengelense fjellguten i huset, kan det sjå ut til.

Men noko måtte dikteren ha leva av når sommaren var over, og då var det at gamle trufaste vener, blant dei kvinnesakskvinnene, slo ring om Olver og fekk pensa han inn på taleferder. Dei hadde høyrte han halde ei lita tale i fru Huserres hageselskap, syns han var god og tipsa Norigs Ungdomslag i Kristiania.

⁷⁷ Inga Falsen Gjerdrum [1863 – 1934] var enke den tida Olav Sletto budde hjå henne. Ho hadde ei dotter. Lilli, f. 1885. Ved Folketellinga i 1910 var ho gardbrukar og rentenist. Ho var med i styret i Norske kvinners nasjonalråd, sat i Asker heradsstyre og er rekna som ein pådrivar for å få til ein stasjon på Billingstad. Ho er heidra ved å få ein veg på sørsida av jernbanelina kalla opp etter seg. (Google-info).

⁷⁸ O V, s. 160-161.

Olver tala på sumarfesten i laget. Det vart braksuksess for fjellguten frå Hallingdal og starten på mange år med taleferder på kryss og tvers i heile Norge. Meir enn 70 av dei vart det. Og Olver trivdes med haustar og vintrar på reise. Sumrane hadde han då fri til å skrive.

SLETTA LET LØNNING OPPSUMMERE OLVERS FORHOLD TIL KVINNENE

Natta med Lønning i Vesleheimen enda morgonen etter at familien var reist på ferie. Før bladfyken sette kurs for byen, let forfatternen av Olverbøkene, Olav Sletto, Lønning oppsummere Olvers forhold til kvinnene slik:

- Som De kunde surre Dykk fast, mann! Sa han. Når De lét dei penge-mektige ... desse rådriske kvinnone gjera Dykk tenest på tenest! ... og for dei var det tidtrøyte, kan De veta! ... då burde De kunne tenkt Dykk utgangen! De burde ha skjøna at De batt Dykk med altfor sterke band! Batt Dykk med alskyns omsyn og takksemnd og ... huff, huff!⁷⁹

Med introduksjonen av Lønning lar den aldrande forfatternen sin unge Olver på ein augneblink sjå det han foregir ikkje å ha skjønt noko av sjølv. Skal vi verkeleg tru det forfatternen prøver få oss til å tru, at han var offer for rike overklassekvinner som kjeda seg? Eg starta denne artikkelen med den dikta bladfyken Lønnings oppsummering av Olvers relasjon til kvinnene, og har vist at hans oppsummering var noko overflatisk, men godt eigna som orsaking for Olvers åtferd, kanskje? For det kan like godt tenkjast at Olver på ein innful [slu] måte utnytta gjestfridomen han vart møtt med, og at han nettopp derfor gjorde seg dummare enn det han var i sosiale samspel? Han vil ha oss til å tru at han, som den bonden han var, berre ein liten fjellgut, ein fjellspurv i tranedans, var for uskuldig til å skjøne den urbane overklassens sosiale kodar. Men fjellbonden hadde vét på pengar, og fri kost og losji i månad etter månad var ikkje å forakte, kan ein også tenkje. I alle fall heiter det i ein artikkel i Frank Nilsens bok "Blant kunstnere i det gamle Asker" at Mimi Falsen og syster hennar, Inga Falsen Gjerdrum, hjelpte Olav Sletto mykje då han kom heim frå København – pengelass.⁸⁰

Liksom Mimi Falsen var syster hennar, som nemnt, eit samfunnsengasjert, handlingsdyktig og travelt opptatt menneske. Ho sat i formannskapet i Asker kommune og bidrog mellom anna sterkt til at Billingstad vart ein stoppestad på Askerbanen.

Lars Reinton seier at "Så stor psykolog han [Olav Sletto] var i si dikting, så dårleg psykolog var han ofte i forhold til medmenneska."⁸¹ Kan hende er vena inne på noko der?

OLAV SLETTA – MANNEN OG DIKTINGA

Olav Sletto var ein særeigen person, ikkje berre i bygda. Også nasjonalt vart han sett på som komplisert, ein som skreiv uskjønelege bøker. Det er fort gjort å gå seg ned i eit negativt spor når ein skal skildre denne [unge] mannen. Han er eit funn for bygdedyret og jantelova.

⁷⁹ O V, s. 239.

⁸⁰ Frank Nilsen: Blant kunstnere i det gamle Asker, Asker og Bærum historielag, 1979.

⁸¹ LR, s. 119.

Eg ynskjer ikkje å bidra med brenne til slikt eit bål, men ein offentleg person, ein forfattar som Olav Sletto må tåle kritisk lesing. Han blir ikkje mindre som kunstnar fordi om hans noko sære sider som mann blir eksponert. Tvert om var mi von at han kjem oss nærare - som medmenneske.

Olver-bøkene er ei blanding av fiksjon og fakta. Olver liknar mykje på Olav Sletto, men han er ikkje Olav. Kva den virkelege Olav dreiv med på misjonsferda eller dannelsingsreisa si til Kristiania og København, kan vi derfor i prinsippet ikkje vita, men Lars Reinton meiner, som nemnt, at avstanden ikkje var altfor stor mellom det faktiske og kunsten. Bladfyken Lønnings oppsummering om at Olver var tidtrøyte for rike kvinnesakskvinner finn eg tvilsam. Eg finn det like sannsynleg at det var pragmatiske val av hovudpersonen sjølv som styrte relasjonane til kvinnene Olver møtte i sine unge år – dei var til stor nytte for han.

Korleis gjekk det, då, kom eg hovudpersonen, Olav Sletto, noko nærare? Vart eg betre kjent med mennesket i forfatternen gjennom Olver-bøkene? Ja og nei. Eg fekk forsterka mitt inntrykk av Olav Sletto som ein sjølvgod og sjølvsentrert mann, ein med mange masker, ein med sans for sosiale spel, for det teatrale, for dramatik og hemmeleghald. Til det løynde hørde det viktigaste i livet hans, relasjonen til ei etterlengta mor og ein kjærast som venta på han heime. Han er, og vil vera, mykje av ei gåte, og deler berre det han vil. Om dette har Albert Einstein sagt: "Det djupaste og finaste eit menneske kan oppleva, er kjensla av det hemmelege."⁸² Det høver på Olav Sletto. Han sørgjer for å halde avstand mellom seg og i alle fall denne lesaren, og han krev respekt for sin måte å gjera det på.

Som mor si, Anne Jensdotter Sletto, hegnar Olav Sletto om sitt innerste liv. Som henne har han sans for det gåtefulle og hemmelege. Derfor får eg ikkje tilgang til mannen Olav Sletto, slik eg vona då eg starta lesinga av Olver-bøkene. Men stilen er finslipt og språket, det dialektprega landsmålet han brukte, er fylt av ein musikk som Olav Sletto er aleine om – og berre av den grunn er han lesverdig.

AVSLUTNING

Tre av dei fem Olvebøkene handlar om ein tidsbolk på 7-8 månader i København (inkl. ein tur til Tyskland og Sveits) i 1908-1909. Den fyrste boka er mest om barndom og oppvekst, den siste om åra i Asker, der han budde frå 1912-1917.

På studieturen sin møter bonden Olver det moderne. Han studerer m.a. franske Baudelaires hovudverk "Galskapens blome", italienske Benedetto Croches kritikk av det moderne og amerikanske William James sin religionspsykologi, og meiner at modernistane dølgjer ei stor einsemd som dei ikkje kan syne og drøfte i det offentlege rom, og som i verste fall fører til galskap. Modernismen ser han på som usann, tom og overflatisk. Kunst er sanning, derfor kan ikkje modernismen kallast kunst, slik Olav Sletto ser det.

Olver vart, slik forfatternen skildrar det, tidtrøyte for moderne overklassekvinner, og fleirtalet av dei han møtte på si åndsreise som ung forfattar, var av det slaget, kan det sjå ut til.

⁸² Sitert frå Olav Vesaas: Løynde land. Ei bok om Tarjei Vesaas, J.W. Cappelen's Forlag 1995.

Han mora seg over dei, og med dei, men dei høver ikkje inn i Olav Slettos tradisjonsbundne verd og bondeverdiane han la til grunn. Om han var tidtrøyte for urbane overklassekvinner i inn- og utland, finn eg tvilsamt, men han visste å gjera seg nytte av gjestfridomen og rausheita deira. Gratis kost og losji var ikkje å forakte for den alltid pengelense unge Olver/Olav.

Sletto søker det åndelege, og gjennom Olver prøver han å vise det åndelege som bur i bonden, ei åndelegeheit som trumfar det for han åndlause i det moderne. Men han er ikkje serleg konkret om dette åndelege. Det er uvisst kva det er, men at han også ser etter det åndelege i kvinna han skal dele livet med, er visst. Ho var ikkje å finne på kontinentet! Heller ikkje blant dei urbane kvinnesakskvinnene i Kristiania. Nærast Olvers kvinneideal kjem dei noko grove bondske "højskolepigene" på Askov – med "nogo attåt". For han veit korleis draumekvinna skal vera: Som ei vakkert innbunden bok, som kan lesast om att og om att utan å trøyte, som ei smekkert bygd fele, som kan stette mannens estetiske krav til feminine linjer, og som kan klinge harmonisk saman med forfattaren. Sist, men ikkje minst: Hans kvinne har sin plass i heimen, underordna mannen, som hans tenar - og mor for barna. I den rekkjefølga! I denne forstand var Olav/Olver bonde! Fridom for kvinner, og jamstilling mellom mann og kvinne, høyrer det moderne til og fører uhygge med seg i familie og samfunn, slik han ser det.

Litteratur:

Olav Sletto: Boki um Olver, Norlis 1954.

Olav Sletto: På høgt berg, Norlis 1956.

Olav Sletto: Upp bakke og ned berg. Norlis 1957.

Olav Sletto: Under Helgafjell, Norlis 1958.

Olav Sletto: Då tedde ei eldborg, Norlis 1961.

Johs. A. Dale/Lars Reinton: Ei bok om Olav Sletto, Samlaget 1966.

Lars og Sigurd S. Reinton: Folk og fortid i Hol, band II og III.

Eva Almhjell/Jørn Øyrehagen Sunde: Anne Sletto – eit kvinneportrett, Boksmia 2015.

Eva Almhjell: Tidlig krøkes den som god krok skal bli ...", hovedoppgave i sosiologi, UiO, 1980.

Anne Kalvig: Spiritisme. Samtaler mellom levende og døde, Pax 2016.

Karl Nilsen: Blant kunstnere i gamle Asker, Asker og Bærum historielag, 1979.

Under Hallingskarvet, Årbok for Hol historielag 2015, artikkelen Då Olav Sletto møtte Richard Berge.

Olav Vesaas: Løynde land. Ei bok om Tarjei Vesaas, J.W. Cappelens Forlag 1995.

Soga om Olav Sletto og Alf Larsen



Foto: Kjersti A. Fønhus

Alf Larsen og Olav Sletto var åndsfrrender, så "stikk motsatte" som dei enn var, ikkje minst språkleg. Interessa for og synet på det åndelege var dei to likevel same om. Larsen var ein engasjert debattant i si samtid, ein produktiv bokmeldar som var svært kritisk til alt som smakte av modernisme. Han skreiv mange bokmeldingar, m.a. eit 30 siders essay om Slettos hovudverk, "Soga um Røgnaldfolket". Dette verket rosa han opp i skyene (sjå Arild Mikkelsen intro til og sjøelve essayet i Årshefte 2013).

Artikkelen er publisert i KULT, Vestfolds ledende kulturtidskrift, nr. 1/2016, og attegitt her med forfattaren sitt samtykke.

Soga om Olav Sletto og Alf Larsen

Tidlig på 1950-tallet oppstod en kort, intens og nær kontakt mellom forfatterne Olav Sletto og Alf Larsen. Larsen hadde fattet interesse for Slettos romanverk "Soga um Røgnaldfolket" og la ned et stort arbeid for å i hvert fall gjøre sitt til at omverdenen ble oppmerksom på Sletto. De to hadde nær sagt parallelle livsløp, Sletto ble født ett år før Larsen og døde fire år før ham. De fikk begge Statens kunstnerlønn i 1960.

Sletto

Olav Sletto (1886 - 1963) var forfatter, lærer og folkehøgskolestyrer. Han vokste opp hos besteforeldre i Hol i Hallingdal, høyt oppi lia med utsyn mot Hallingskarvet. Det ble folkehøgskole på Voss fulgt av lærerskole på Notodden. Deretter fulgte stipendopphold i Tyskland og Danmark.

Fra 1917 var Sletto lærer ved Buskerud folkehøgskole på Fiskum og fra 1923 skolestyrer ved Romerike Folkehøgskole på Årnes (fra 1929 nye Romerike ungdomsskole på Sørumsand.). Her var Sletto bestyrer inntil han fikk slag i 1941. Han fikk invalidepensjon og flyttet i 1946 til Geilo der han ble boende. Sletto gav ut 44 bøker.¹

Om folkehøgskoletiden forteller Sletto at han "fekk ei arbeidstid utan måte». Det var «Byggemøte, rådgjeving med fylkesmannen og departement, arkitektar, byggetilsyn og so skulen som vart sprengd med elevar alt fyrste året. Sleit meg mest i hel. Tolv foredrag i vika i verdens-, Norgeshistorie, litteraturhistorie, etikk og psykologi.[...] Diktingi mi minka ned til berre småting i nokre år."²

¹ www.olavslettoselskapet.no

² 1950-12-09 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

”Soga um Røgnaldfolket”

De to forfatterne kjente ikke hverandre, men Sletto hadde gjennom årene sendt Larsen noen av sine bøker, som Larsen ikke hadde ”fått noe særlig ut av enten det nu er jeg som har oversett hva der lå i dem eller det er han som med årene er blitt så meget bedre.”³

Larsen var blitt begeistret for Slettos historiske romansyklus Soga om Røgnaldfolket, som består av bøkene Under Solhov (1943), Ættbunden (1944), Jordfast (1946), Fyrste Glimt (1949) og Dag (1950).

Larsen beskriver handlingen som “foregår oppe i en avsidesliggende fjellbygd og er i sine grunntrekk den samme som er skildret så mange ganger før i norsk litteratur: bygdens forvandling fra typisk gammeldags bondebygd til moderne gjennomgangsstrøk med stasjonsby og hoteller og alt hva dermed følger: flukten fra bondeyrket og ungdommens besatthet av tidens modegalskaper, oppløsningen av den gamle moral og undergravningen av de gamle idealer, sosialismens oppdukken og tilspissingen av den politiske strid, kort sagt byens erobring av landet og tidens av evigheten, om man så må si. Gud er død og djevelen vil man ikke erkjenne at man har fått midt iblant seg.”⁴

En pjece

I oktober 1950 skriver Larsen til forlagssjef B A Butenschøn i Dreyer at han mener “Sletto hittil har stått i skyggen”, og at han selv har følt seg oppfordret til å skrive en artikkel om romanverket.⁵ Larsen ønsker artikkelen utgitt som det han kaller en ”pjece”, et dansk ord for en liten, ikke-periodisk, uinnbundet trykksak.⁶ Butenschøn svarer at “Selvfølgelig setter vi med glede Dreyers navn på pjecen.”⁷ Til dette bemerker Larsen at Slettos forlegger, Norli, “naturligvis er meget interessert i å få ut denne reklame for hans hittil nokså lite solgte forfatter, som vel i årenes løp har vært forlaget en tung byrde.”⁸

I slutten av oktober har Sletto fått tilsendt og lest manuskriptet til ”pjece”: Han skriver til Larsen at han “har lese han gjennom heilt utkvild og morgovak. Det fyrste eg vil segja er at du so merkeleg gløgt har set og drege fram grunnplani i “Røgnaldfolket”, du har fanga heile symbolveven i dei store drag, du har forstade han og du har tydd han. Eg hadde aldri trutt at eg skulde få uppleva at nokon so intimt kunde forstå kva eg hadde site her i einsemndi og bygt upp.”⁹ Sletto er glad for støtten fra Larsen og at: “denne storvegges gode artikkelen fær koma i verdig bunad og åleine som det verk den er. Det er det minste du bør ha att for godt arbeid, og kva det vil segja for romanen ... let seg ikkje mæle.”¹⁰

³ 1950-10-29 brev fra Alf Larsen til B A Butenschøn

⁴ 1950-12-23 En mester i fortellerkunsten, av Alf Larsen, Farnand nr 51-52

⁵ 1950-10-17 brev fra Alf Larsen til B A Butenschøn

⁶ <https://da.wikipedia.org/wiki/Pjece>

⁷ 1950-10-24 brev fra B A Butenschøn til Alf Larsen

⁸ 1950-10-29 brev fra Alf Larsen til B A Butenschøn

⁹ 1950-10-31 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

¹⁰ 1950-11-07 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

- En hædersplads i nyere norsk litteratur

I januar 1951, foreligger "pjecen" på 30 sider, på Dreyer.¹¹ Anmelderen i avisen Hallingdølen skriver at boken har stor verdi fordi Larsen "er ein av dei fremste litteraturkritikarane vi har her i landet, [og at] Larsen si vesle bok vil kanskje hjelpe til at Sletto blir skjønna og får ein endå større lesekrins her i landet - noko vi meiner han har krav på, og har hatt krav på lenge."¹²

Bladstyrar Aksel Andersen i avisen Austland legger også vekt på at det er Larsen som anmelder: "Når ein kjend og velrøynd bokdomar som han legg ut med ein så stor og grundig kommentar til eit litterært arbeid og lyfter det ut or skuggen, må ein kalle det ei hending som er verd å leggja merke til."¹³

"Pjecen" når også utenfor landets grenser: Signaturen P N i danske Information bemerker at Larsens anmeldelse er skrevet ut fra en begeistring, som nok i noen grad skyldes at Larsen har "fundet genklang for egne tanker og kunnet tyde halvkvædede viser i sit favør. Men han tildeler Sletto og hans værk en hædersplads i nyere norsk litteratur, og hans begejstring smitter."¹⁴ I Sverige skriver Sven Stolpe i svenske Aftonbladet at "Larsens analys ger en imponerande bild av detta storverk."¹⁵

En mester i fortellerkunst

Ved siden av "pjecen" skriver Larsen også en kortere anmeldelse av «Røgnaldfolket» i Farmand lille julaften 1950. "En mester i fortellerkunsten," er tittelen. "Eg stundar til Farmand kjem med jolenummeret. Det når kiosken på Geilo laurdag," skriver Sletto.¹⁶ I 1950 var det ikke vanlig med anmeldelser av skjønnlitteratur i næringslivstidsskriftet Farmand, men ansporet av Larsen gjør redaktør Trygve Hoff et unntak for Sletto. Larsen plasserer Sletto som den femte blant de han kaller landsmålets «fire store fortellere»: Jens Tvedt, Kristofer Uppdal, Olav Duun og Inge Krokann. Han mener at Sletto «inntar med selvfølgelig myndighet sin plass imellem dem, hverken øverst eller nederst vil jeg si, men snarere som en der samler de fleste av de andres beste egenskaper i seg og dertil kommer med noe nytt."¹⁷

Tredje juledag skriver Sletto til Larsen om anmeldelsen i Farmand: "meisterlege parantesar. For fyrste gong har eg set parantesen som stilmiddel verkeleg godt brukt [...] Ein kan vel kalle artikkelen ein variasjon av essayet, men du har visst å gje ny karakter, artikkelen er meir polemisk, og noko burtimot fårleg, du held ei slags opprydding".¹⁸

"Skrinet"

"En månefærd med Olav Sletto", er tittelen når Larsen året etter, i 1951, (tydeligvis) har brutt sitt eget skriveforbud i Spektrum og anmelder Slettos nyeste (eventyr-)

¹¹ 1951 Olav Sletto: Soga um Røgnaldfolket : En anmeldelse. Dreyer, 30s. Opptrykket i I kunstens tjeneste (1964) og i Utvalgte verker : Utvalgte essays fra Den kongelige kunst og I kunstens tjeneste (1985)

¹² 1951 Bok om diktinga åt Olav Sletto, i Hallingdølen

¹³ 1951-02-08 "Fange hjå ein stor forteljar", i bladet Austland, skriven av bladstyrar Aksel Andersen

¹⁴ 1951-07-13 – Nutidssaga, i Information

¹⁵ 1951-01-04 Norge kör på falgarna, av Sven Stolpe, i Aftonbladet.

¹⁶ 1950-12-21 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

¹⁷ 1950-12-23 En mester i fortellerkunsten, av Alf Larsen, Farmand nr 51-52

¹⁸ 1950-12-27 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

roman. Og dommen er kort og klar: "Jeg nøier meg med å si at det er glimrende gjort, utrolig godt gjort."¹⁹

Om verket skriver Larsen at Sletto vil "ved å stille den litt tørre, stive og snusfornuftige gamle fylkesskogmester Jørgen Mobak - som dog har vært virkelig forelsket en gang og iallfall har skrevet ett dikt i sitt liv! - foran det tryllespeil som hans oppdiktede venn månefareren Alessandro er, gi oss alle en følelse av at vi kanskje allikevel ikke bare er én men to, at vi i denne vår kropp av kjød, blod og ben har en skjult person i oss, et åndsmenneske, som ved å folde seg ut - nu ja kan reise til månen! All esoterisk tradisjon vet at så er tilfelle, all reell menneskevisdom har sin rot i dette forhold (resten er videnskap, dampmaskiner, automobiler og atombomber)"²⁰ Sletto skriver og takker, men Larsen svarer ham: "Du skylder ikke meg noen takknemlighet. Det er bare en simpel plikt overfor litteraturen."²¹

"Loke"

Loke-verket (1915–1918) er et romanverk på fire bind: Loke, Domen, Millom eldar og Skyming. I januar 1952 sender Sletto det nesten 40 år gamle verket til Larsen.²² "Det er så opplagt at dette er ditt hovedværk", skriver Larsen til Sletto etter et par uker; "Man kommer jo til å tenke på Dante og Milton, men man må også tenke på Wagner i "Ringene."²³ [...] Det er klart at at du også her har vært under din egentlige inspiration, har hatt din nådestund."²⁴

Sletto svarer: "Det du segjer om diktet, glede meg storleg [...] boki har lege i gravi i 34 år. Tykkjer det er eit under at mine ting i si tid skulde få ein tolkar og forsvarar i han eg held fremst millom litteraturkritikkarar, ..."²⁵

Johannes V. Jensen

Kommentarer og vurderinger går begge veier; I 1951 gir Alf Larsen ut en liten, men ikke uvesentlig bok om den danske forfatteren Johannes V. Jensen, som nettopp var død. Larsen sender boken til Sletto, som skriver og takker: "Uppgjeret med tidi er kraftigt, uredt og klårt.²⁶ [...] du har di sterkaste tid nett no."²⁷

Sletto kommenterer også Larsens rolle som foregangsmann og kulturbygger: "det gror no i det stille, ... Slikt ser ein ikkje, av den gode grunnen at ... som Epiktet segjer ... sauene spring ikkje fram til hjurdingen kvar time og fortel kor mykje dei har lagt til livs, men dei legg på seg i det stille."²⁸

"Ei bok om Olav Sletto"

Femten år senere, i 1966, gir Lars Reinton og Johs. A. Dale ut "Ei bok om Olav Sletto". Larsen skriver da til Reinton om sitt forhold til Sletto: "Jeg hadde jo lært ham

¹⁹ 1952 En månefærd med Olav Sletto, av Alf Larsen, i Spektrum

²⁰ 1952 En månefærd med Olav Sletto, av Alf Larsen, i Spektrum

²¹ 1952-01-29 brev fra Alf Larsen til Olav Sletto

²² 1952-01-07 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

²³ 1952-01-21 brev fra Alf Larsen til Olav Sletto

²⁴ 1952-01-21 brev fra Alf Larsen til Olav Sletto

²⁵ 1952-01-25 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

²⁶ 1951-05-09 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

²⁷ 1951-12-20 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

²⁸ 1952-02-02 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

personlig å kjenne, og jeg var jo også kommet til å gripe inn i hans liv. Det var ikke ofte vi mødte hinannen, og nærmere innpå hinannen kom vi ikke, men jeg har jo lest sågodtsom alt han har skrevet.”²⁹

Larsen skriver at Reintons skildring av Sletto: “dekker mannen og hans karakter helt, på det nær at når De skal inn på hans karakter blir De for forsiktig. Dog, det er jo naturlig når det som her dreier sig om en slags forsinket festskrift. Jeg har i mitt lange liv truffet meget få forfattere som ikke trodde at han var den største, men Olav Sletto hadde jo storhetsvanvidd i en særskilt grad.”³⁰

Det er blitt hevdet at Sletto ikke kunne «ha utholdt miskjennelsen og forbigåelsen» uten denne sterke selvfølelsen, men det er Larsen ikke enig i. Han sammenligner med sin egen skjebne:³¹ “Jeg har selv opplevet og gjennomlevet akkurat det samme som han: ros i begynnelsen, siden fullstendig forglemmelse og tilsidesettelse inntil på min aller siste dager (vi fikk diktergage samme år!) Det har aldrig afficeret mig det minste (bortsett fra at jeg håpet på success for å tjene noen kroner!), og jeg har aldrig følt mig forfulgt, jeg var klar over at man ikke lenger forstod mig eller ikke syntes om mig; kanskje var det jeg skrev heller ikke så godt, det var kanskje for almindelig (slik følte jeg det).”³²

“Vi er meget forskjellige», skriver Larsen til Sletto: ”ja vi er egentlig talt stikk motsatte. For dig er hovedtanken, den du atter og atter vender tilbake til: Sett eder ikke opp imot det onde! For mig er det dette med ansvaret for tingen, med å ta verden på sig, som er hovedproblemet, hvorom jeg ustanselig kretser - som du ser av ”Nattetanker”. ”³³

Steiner

Sletto befinner sig på den såkalte esoteriske grund, i det vi kaller den okkulte forestillingsverden,³⁴ skriver Larsen. At Sletto på et visst tidspunkt skal ha lest Steiners hovedverker, ser Larsen som «en forklaring både til hans storhet og litenhet. ... Det er nær sagt utallige tegn til at han har sitt tankemønster fra Steiner, iallfall fra okkultismen.»³⁵

“Eg har halde meg til nokre grunnskrifter av Steiner, Goethe, Platon, har ikkje vid lesing», skriver Sletto selv; «Kan ikkje ha det, på den måten eg les. T.d. arbeider eg endå med “Den kongelige kunst” ... og kvar sundag les eg i “Stemninger [ved Okeanos bredder].”^{36 37}

Larsen mente at Sletto ikke ville vedkjenne seg sitt åndelige opphav, Steiner, «han vilde gjøre det selv, være den som sa det, han skulde være profeten!”³⁸

²⁹ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

³⁰ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

³¹ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

³² 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

³³ 1952-01-29 brev fra Alf Larsen til Olav Sletto

³⁴ 1952 En månefærd med Olav Sletto, av Alf Larsen, i Spektrum

³⁵ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

³⁶ 1953-01-20 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

³⁷ 1950-11-15 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

³⁸ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton

Sletto sier selv: «Med penn i hånd kan eg ... skrive dei sannaste ting, når eg gjev meg fantasien i vald, men eg veit ikkje heilt kva eg skriv anna enn akkurat det belet eg skriv det.»³⁹

Sletto får tilsendt hele Janus fra Larsen og utbryter; “der gjorde eg ein storhande! Ein herlegdom å eige, og to tredjedelar er ukjend for meg.”⁴⁰ Men de ni årganger tidsskrift får også Sletto til å undres «um eg ikkje har kvilt vel mykje på meg sjølv og søkt for lite inspirasjonskjeldor i desse år eg har skrive. Eg ser no då eg vandrar att og fram i Janus, alt der står er meg kjent ... og samstundes er eg uvetande.»⁴¹

Æresgasje – og æresrett

I november 1959 tangerer de to dikteres liv hverandre igjen: “Får Alf Larsen og Olav Sletto kunstnerlønn?” er spørsmålet avisene stiller seg; «Sletto var ved forrige bevilgning innstillet som eneste forfatter, [og] Alf Larsen har i mange år vært antydnet som en av de aktuelle kandidater, men har av en eller annen grunn hittil ikke fått sin æresgasje.»⁴²

Sletto fikk nei til kunstnerlønn i 1955, 1958 og 1959. Kirkedepartementet forslø ham igjen i 1960, sammen med Alf Larsen. Og Stortinget vedtok det. Denne seige striden om diktergasjen slet hardt på Sletto: «Han øygna den gamle motstanden igjen.”, skriver Reinton / Dale^{43 44}

Saken om æresgasje (kunstnerlønn) kan ses i forbindelse med dommene Larsen og Sletto fikk i Den norske forfatterforenings æresrett etter krigen. Larsen fikk en reprimande for uttalelser i sitt tidsskrift Janus i 1940-41, og Sletto fikk publiseringsforbud og krav om å tilbakebetale kunstnerlønn (sic) han mottok fra NS-myndighetene under krigen.

Tiden

Om en eventuell plass i litteraturhistorien, skriver Larsen til Sletto at «tiden er den eneste kritiker man i noen grad kan stole på. Det største litterære geni og den mektigste selvfølelse overfor et værk har ikke bevaret det fra å synke ned i glemselens strøm, utallige er eksemplerne på det.»⁴⁵

Men om «Loke» og «Røgnaldfolket» er det liten tvil hos Larsen: “Jeg var redd for at jeg skulle ha uttalt meg for sterkt om Lokebøkerne, derfor trøstet Ragnvald Skredes artikkel mig. Om Røgnaldfolket har jeg alltid visst at jeg ikke har uttalt mig for sterkt, dette med "kunsten" kan jeg.»⁴⁶

³⁹ 1952-02-18 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

⁴⁰ 1952-01-07 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

⁴¹ 1952-02-18 brev fra Olav Sletto til Alf Larsen

⁴² 1959-11-11 “Får Alf Larsen og Olav Sletto kunstnerlønn”? I Indre Smaalenenes Avis m.fl.

⁴³ 1966 Ei bok om Olav Sletto, av Johs. A. Dale og Lars Reinton.

⁴⁴ 2004 Arne Skogheim: Den lange kampen om diktarløn til Olav Sletto:

<http://www.olavslettoselskapet.no/wp-content/uploads/C3%85rshefte-2004.pdf>

⁴⁵ 1952-01-21 brev fra Alf Larsen til Olav Sletto.

⁴⁶ 1966-11-12 brev fra Alf Larsen til Lars Reinton.

“Mange har nok tykt at Alf Larsen tok for sterkt i når han i sitt fine essay om verket kom med sterke lovord om det,” skriver litteraturkritikeren Rolv Thesen i ettertid, “men for kvar gong ein les det opp att, blir ein overtydd om at han har rett.”⁴⁷

⁴⁷ 1966 Rolv Thesen, Soga om Røgnaldfolket. Sosiologisk bakgrunn for verket. Ei bok om Olav Sletto, av Johs. A. Dale og Lars Reinton.

Dette er Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto-selskapet er eit landsfjernande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemdar, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet er ein sjølvstendig juridisk person, skipa 3. mars 2001 i Hol/Hallingdal.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap. Dette kan gjerast m.a. ved:

- Å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- Å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverke til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnarens liv og dikting
- å arrangera foredrag, seminar, kurs, ekskursjonar m.v
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Årsplan 2017 for Olav Sletto-selskapet

VINTER/VÅR-SLETTO

Laurdag 1.- søndag 2. april 2017: Styret i Olav Sletto-selskapet vil vera representert på Per Sivle-lagets årsmøte/seminar i Flåm. Tema: Få dei gløymde nynorsk-forfatarane fram i lyset. Ein av dei gløymde er Olav Sletto.

Fredag 21. april 2017: Årsmøte 2017 på Vika velferdssenter i Holet kl. 18-21, med Arild Mikkelsen som kåsør. Tema: Olav Sletto og folkehøgskulen.

HAUST-SLETTO

OLAV SLETTO-DAGEN 2017

Laurdag 21. oktober: Ph.D. Grethe Fatima Syéd, Bergen og lektor Erling Sørli frå Duungruppa i Holmstrand kjem. Med utgangspunkt i Olav Sletto og Olav Duun sine hovudverk, "Soga um Røgnaldfolket" og Duuns "Juvikfolke", vil dei to samtale om temaet "Bygd og bygdefolk" hjå dei to forfatarane. Prof. Jørn Øyrehagen Sunde, velkjent frå tidlegare foredrag i regi av Olav Sletto-selskapet, presenterer denne gongen: "Internasjonal og moderne, lokal og tradisjonalist – talaren Olav Sletto". Ny forskning, dette! Olav Sletto døydde 24. oktober 1963. Olav Sletto-dagen er difor lagt til omkring denne datoen. Hensikten er å presentere ny forskning, ny-lesing og "mi lese-oppleving" frå Olav Slettos liv og dikting.

Stad: Ål kulturhus, kl. 13-17. Arrangørar: Olav Sletto-selskapet og Ål bibliotek.

PROSJEKT "DIGITALISERING AV SLETTO-ARKIVET"

Hovudoppgava for styret i 2017 blir å skrive av, skanne, kopiere og lagre dokumenta i Sletto-arkivet. Det er i alt 28 arkivboksar. Boks 23 – Slettos taler – er ferdig. Brevvekslinga mellom Olav Sletto og Karin Bryde, og andre delar av Slettos korrespoandanse, er under arbeid. Mykje står att. Tidkrevjane, spennande og lærerikt arbeid!

Mitt vis!

Ungdomsfager, adel-stolt i gang!
Soleis er mitt vis.
Tørkeløstke bruar òm parone,
higevio leitar gjev draumevang,
og det spelar attaat stillram tonetlang,-
og der loyar straalar fuaa det same.
Karin hev eg vrigt mitt heile liv!

Ungdomsfager, dronningstolt av lag!
Soleis er mitt vis.
Vene lekter well òm herdi!
Skriv ho met meg narest eldfjell dag!
Ho er rein som høgfjells-bred med himlens prag,
og som kvinna sjale størst i verdi!
Karin hev eg vrigt mitt varme liv!

Ho, den stolte, gav sitt rike fritt!-
varm av haly i sinn -
gav i stord som henne maata.
Lutka renn paa fjellet solstems blett!
Jord og himmel gagnar dør og postar vridt,
djupet ho loyving sen paa livens gaata.
Euna tel aa vira hve vennen min!

Og no veit eg at me byggja kann,
vo vaar draum og troa -
stord i venleiks kraft og fylta.
Vilde mygter veare vejer sprann,
og dei hjelpte til at heilt oss kaltet fann!
Og vaar elsk skal livet hylla!
Karin hev eg vrigt mitt varme, sterke liv!

Din Olav Sletto

Hovudsatsinga for Olav Sletto-selskapets styre 2017 er
«Prosjekt digitalisering av Sletto-arkivet».

Papirdokument blir skrivne av, skanna og lagra i
Hol kommune/Hol bygdearkiv sitt lagringssystem.

Her er eit døme på eit skanna dikt i brev Olav Sletto skreiv til Karin Bryde 11. juli 1911,
to dagar før ho fylte 27 år.